

# **Deloitte.**

Forvaltningsrevisjon | Sogn og Fjordane fylkeskommune  
**Tryggleik og beredskap**





# Samandrag

## Om gjennomføring av forvaltningsrevisjonen

På oppdrag frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap i fylkeskommunen. Forvaltningsrevisjonen har undersøkt og vurdert om Sogn og Fjordane fylkeskommune oppfyller sitt ansvar for tryggleik og beredskap, og om dette arbeidet er organisert og følgt opp på ein god måte. Vi har spesielt sett nærmare på samferdsleområdet (veg og transport) og fylkeskommunen sitt ansvar for dei vidaregåande skulane. Revisjonen har gjennomgått dokumentasjon knytt til fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap, samt gjennomført intervju med sentrale personar både i fylkeskommunen og i Statens Vegvesen. I tillegg har revisjonen gjennomført ei spørjeundersøking til skulane i fylket. Prosjektet blei gjennomført i tidsrommet oktober 2013 til februar 2014.

Revisjonskriteria som er lagt til grunn for revisjonen sine vurderinger går fram av kapittel 3 i rapporten, medan datagrunnlaget blir presentert i kapittel 4. For ein meir utfyllande versjon av revisjonen sine vurderinger viser vi til kapittel 5 i rapporten. Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane har gitt ein høyringsuttale til rapporten. Denne er vedlagt rapporten som vedlegg 1.

## Tryggleik og beredskapsarbeid i Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Problemstilling 1: Har fylkeskommune system og rutinar for å sikre at beredskapsarbeidet blir følgt opp i samsvar med regelverk og overordna retningslinjer?**

### Revisionens vurdering:

Revisjonen meiner at fylkeskommunen i for liten grad har etablert eit overordna system som sikrar betryggande kontroll for at tryggleiks- og beredskapsområdet er tilstrekkeleg ivaretatt, i samsvar med krava om internkontroll i kommunelova § 23. Revisjonen viser til at ROS-analysen ikkje har vore oppdatert sidan 2007, kritiske risikoar i analysen er ikkje følgt opp i tilstrekkeleg grad, og krisje/beredskapsplanen til fylkeskommunen er i liten grad tilpassa dei risikoane som er identifisert. Den overordna kriseplanen er heller ikkje fullstendig.

Revisjonen meiner vidare at fylkeskommunen i for liten grad har gjeve formelle føringer for korleis verksemndene som fylkeskommunen har ansvar for skal arbeide med tryggleik og beredskap. For at fylkeskommunen skal følgje opp tryggleiks- og beredskapsområdet på ein tilfredsstillande måte, meiner revisjonen at arbeidet må integrerast i fylkeskommunen sitt styringssystem og system for internkontroll. Revisjonen vil presisere at det er viktig å sikre ei systematisk og formalisert tilnærming til tryggleik og beredskap som famnar om alle verksemndene i fylkeskommunen.

**Problemstilling 2: Korleis har fylkeskommunen organisert sitt arbeid med tryggleik og beredskap?**

Revisjonens vurdering

Sogn og Fjordane fylkeskommune har skildra organiseringa ved ei krise i dokumentet «Kriseorganisasjon», som er første del av det som skal vere den samla kriseplanen for fylkeskommunen. Prinsippet som blir lagt til grunn for krieseorganisaseringa er at kriehandteringa følgjer linjeansvaret i organisasjonen, og at oppgåvene skal løysast på lågast moglege nivå i fylkeskommunen. Den øvste krieseleiinga i fylkeskommunen trer i kraft når krisa er så omfattande at den einskilde avdelinga eller den einskilde institusjonen ikkje kan handtere den på eiga hand, eller krisa omfattar fleire delar av organisasjonen. Fylkeskommunen har ansvar for tryggleik og beredskap knytt til dei fylkeskommunale verksemndene eller tenestene slik som samferdsle, tannhelse, vidaregående opplæring, kulturminnevern, regional planlegging m.m. Kriseplanen til fylkeskommunen omhandlar i hovudsak den overordna krieseleiinga og organisering av denne. Revisjonen meiner at dokumentet om krieseorganisasjonen i endå større grad kunne ha skildra korleis verksemndene i fylkeskommunen skal organisere krisearbeidet og kva krav fylkeskommunen har til utarbeiding av beredskapsplanar og rutinar i verksemndene. Revisjonen meiner også at det med fordel kan gjerast endå klårare kva oppgåver som ligg til dei ulike rollene i krieseorganisasjonen . Det er også viktig at dei einskilde medarbeidarane får naudsynt opplæring og øving i forhold til dei rollene dei er gjeve.

Fylkeskommunen gjennomførte i 2007 ein overordna risikoanalyse som omfatta heile organisasjonen. Risikoanalysen peikar på fleire utfordringsområde innanfor fylkeskommunen sine tenesteområde, og det var planlagt at arbeidet skulle følgjast opp med konkrete handlingsplanar. Undersøkinga viser at dette arbeidet ikkje har blitt følgjt opp som planlagt i etterkant, og det har ikkje blitt utarbeidd planar for alle dei områda som blei peikt på som «raude» i analysen. Manglande oppfølging av identifiserte risikoområde kan føre til at ein ikkje i tilstrekkeleg grad får sett i verk førebyggjande tiltak og utarbeidd eit planverk som kan medverke til god handtering av identifiserte kritiske hendingar. Fylkeskommunen har informert revisjonen om at det vil bli sett i gang eit arbeid med ny risikoanalyse for fylkeskommunen som skal ferdigstilla innan 01.05.2014. Revisjonen meiner dette er eit viktig tiltak, og vil understreke at fylkeskommunen må involvere verksemndene i fylkeskommunen i arbeidet med analysen.

Fylkeskommunen har starta arbeidet med ein overordna krieseplan. I følgje krieseplanen skal den vere samansett av tre delar; Krieseorganisasjon og opplegg for varsling (del 1), konkrete handlingsplanar for krieseleiinga og institusjonane (del 2), og Risiko- og sårbarheitsanalyse (del 3). Del ein av krieseplanen er ferdig og gjort tilgjengeleg på intranett i fylkeskommunen. Del tre er risikoanalysen som blei utarbeidd i 2007. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan for den sentrale krieseleiinga og institusjonane (del 2). Revisjonen meiner fylkeskommunen bør ferdigstille overordna krieseplan med handlingsplan for den sentrale krieseleiinga og institusjonane. Revisjonen meiner at dette vil vere ei naturleg oppfølging av risikoanalysen som fylkeskommunen skal gjennomføre i 2014.

Når det gjeld krieseplanar for institusjonane/verksemndene i fylkeskommunen er det utarbeidd kriese/beredskapsplan for IKT og eigne beredskapsplanar for kvar av dei vidaregåande skulane og samferdsleavdelinga. Det er ikkje utarbeidd beredskapsplanar for andre einingar/område (som t.d. kulturminnevern, tannhelse, regional planlegging). Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør utarbeide risikoanalysar og beredskapsplanar for kvar av dei sentrale verksemndene/tenesteområda som fylkeskommune har ansvar for. Revisjonen meiner at det bør utarbeidast eit felles sett med retningslinjer for korleis beredskapsplanane skal utformast, kor ofte

dei skal reviderast og korleis dei skal gjerast kjent blant dei tilsette, slik at ein etablerer ein sams praksis på tvers av områda i fylkeskommunen.

Det går fram av skildringa av kriseorganiseringa at fylkeskommunen skal ha minst ei øving for året, leia av fylkesrådmannen. Kriseorganisering skal også vere eit tema i leiargruppa kvart år. Det har ikkje vore gjeve føringer frå sentralt hald i fylkeskommunen om at det skal vere tilsvarende årlege øvingar eller tema ved dei ulike verksemdene i fylkeskommunen. Revisjonen meiner at det er viktig at alle verksemdene i fylkeskommunen har eit aktivt forhold til kva risikoar verksemdene kan bli utsett for, og at ein øver med jamne mellomrom på handtering av desse hendingane. Fylkeskommunen bør utarbeide retningslinjer for kor ofte slike øvingar skal finne stad. Revisjonen meiner også at fylkeskommunen bør gjennomføre skriftlege evalueringar av øvingar og eventuelle hendingar slik at ein sikrar kontinuerleg læring og forbetring i beredskapsarbeidet. Krav til dette bør gå fram av kriseplanen eller andre styrande dokument for området.

Fylkeskommunen ikkje har tatt endeleg stilling til om den skal kjøpe inn krisehandteringsverktøyet Crisis Issue Management (CIM). Dette er eit system som alle kommunar i fylket har tatt i bruk, samt fleire andre samarbeidspartar, slik som fylkesmannen. Systemet legg til rette for å sende og motta meldingar, og å registrere og sjå loggar ved ei krisehandtering. Revisjonen meiner at fylkeskommunen må sikre at ein har tenlege varslingssystem, kommunikasjonsrutinar med samarbeidspartar og gode loggføringsrutinar uavhengig av kva system ein legg til grunn, og at rutinar for dette kan bli endå betre skildra i kriseplanen.

### ***Problemstilling 3: Korleis er beredskapsarbeidet for dei vidaregåande skulane ivaretake av fylkeskommunen?***

Det er ikkje etablert ein eigen overordna beredskapsorganisasjon for dei vidaregåande skulane. Dei einskilde skulane er ansvarleg for å handtere hendingar på verksemndnivå, men vil melde om hendingar til fylkesdirektør som kan støtte den aktuelle skulen med krisehandteringa. I den overordna skildringa av kriseorganisasjonen går det fram at dersom det er ei krise av større omfang vil kriseleiing på øvste nivå i fylkeskommunen bli sett i verk. Revisjonen meiner at fylkeskommunen i større grad enn i dag kunne ha skildra korleis ansvaret er fordelt og kva som er venta av skulane si krisehandtering ved ei eventuell krise. Revisjonen meiner at fylkeskommunen burde ha gjeve tydelegare retningslinjer knytt til beredskapsarbeidet i skulane for å sikre ein sams praksis på tvers av dei einskilde skulane.

Både Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har fleire gonger understreka viktigheita av at fylkeskommunane gjennomfører ROS-analysar og utarbeider krise og beredskapsplanar for utdanningsinstitusjonane, og at desse jamleg blir oppdatert (minst anna kvart år). Fylkeskommunen sin ROS-analyse frå 2007 omhandla også opplæringsområdet i fylkeskommunen, og det blei identifisert fleire moglege kritiske hendingar. Undersøkinga viser at denne analysen ikkje er følgt opp i tilstrekkeleg grad med handlingsplanar for dei identifiserte risikoområda. Skulane har utarbeidd lokale krise- eller beredskapsplanar for dei einskilde skulane (nokre før og ein del etter ROS-analysen), men desse adresserer berre i varierande grad dei raude hendingane. Revisjonen meiner det er uheldig at det ikkje har blitt gjennomført nyare ROS-analysar og at fylkeskommunen ikkje har gjeve tydlege og sams retningslinjer knytt til gjennomføring av ROS-analysar, utforming av beredskapsplanar, gjennomføring av øvingar m.m. ved skulane. På leiargruppemøte 16.12.2013 vedtok leiargruppa at det skal gjennomførast ein temadag som skal omhandle handtering av krisesituasjonar, skyting og pågående vald, samarbeid med politiet og helsevesenet, erfaringsutveksling vedkomande beredskapsplanlegging og øvingar. Revisjonen meiner dette er eit viktig initiativ frå fylkeskommunen, men at fylkeskommunen også må sette tydelege krav til jamlege øvingar, temadagar m.m. knytt til

krisehandtering på skulane. Revisjonen meiner også at fylkeskommunen bør sette krav til at skulane utarbeider ein plan for krisekommunikasjon. Revisjonen meiner at dei einskilde skulane bør utarbeide planar for kommunikasjon med pårørande, tilsette, elevar og media i samsvar med rettleiarene for beredskapsplanlegging som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

**Problemstilling 4: Korleis er beredskapsarbeidet knytt til samferdsleområdet ivareteke av fylkeskommunen?**

Dei viktigaste oppgåvene til samferdsleavdelinga i fylkeskommunen knytt til beredskap og tryggleik, er å handtere situasjonar knytt til vegstengingar i fylket, og som ein del av dette leggje til rette for alternativ persontransport. I 2007 var skuleskyss og persontransport blant dei områda som blei gjennomgått i ROS-analysen. Det har ikkje blitt gjennomført ny ROS-analyse på samferdsleområdet etter samferdsleavdelinga blei oppretta, eller i samband med at fylkeskommunen tok over ansvaret for store delar av riksvegnettet. Det er heller ikkje utarbeidd ein eigen ROS-analyse som grunnlag for beredskapsplanen i samferdsleavdelinga. Revisjonen meiner det er viktig at det blir gjennomført ROS-analysar når det skjer vesentlige endringar i organisering eller oppgåver. Revisjonen meiner vidare at beredskapsplanar bør bli utarbeidd på bakgrunn av risikoanalysar, for å sikre at beredskapsplanane i tilstrekkeleg grad er tilpassa risikoene for at ulike situasjonar eller hendingar kan oppstå. Revisjonen meiner at fylkeskommunen må gjennomføre ein ny ROS-analyse for samferdselsområdet, og at det er naturleg at den ROS-analysen som fylkeskommunen skal gjennomføre i 2014 også omfattar samferdsleområdet.

I samferdsleavdelinga blei det i 2012 utarbeidd ein eigen beredskapsplan for samferdsleområdet. Planen er ikkje endeleg godkjent av fylkesrådmannen og dette vil skje tidleg i 2014 når oversikta over tilgjengeleg båtmateriell i planen er oppdatert. Planen blir likevel nytta av fylkeskommunen som om han er godkjent. Revisjonen meiner at beredskapsplanen til samferdsleavdelinga inneholder viktig og god informasjon både om kva rolle avdelinga har og kva oppgåver som skal handterast, og om kven som skal varslast og informerast. Revisjonen vil understreke at det er viktig at planen blir oppdatert slik at informasjon om tilgjengeleg båtmateriell er riktig.

Fylkeskommunen har ikkje utarbeidd ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket i samsvar med krava i Forskrift for sivil transportberedskap. Revisjonen meiner fylkeskommunen bør gjennomføre ei ROS-analyse som kan avdekkje hendingar som kan føre til transportbehov slik at ein kan vurdere kva behov det kan dreie seg om og korleis fylkeskommunen han møte dette behovet. I handlingsplanen som blei utarbeidd i etterkant av fylkes-ROS, blei fylkeskommunen tildelt ansvar for å «lage eit samla oversyn over kaiar som kan brukast i tilfelle vegstengingar». Dette er ikkje følgt opp og revisjonen meiner at fylkeskommunen må lage ein plan for dette arbeidet. Fylkeskommunen opplyser at det finn stad årlege kontaktmøte mellom fylkeskommunen og transportselskapet, men at tryggleik og beredskap ikkje er eit sentralt tema på desse møta. Revisjonen meiner at også dette temaet bør stå i fokus på møta mellom fylkeskommunen og transportselskapet, for å sikre at ein har ei sams oppfatning om korleis ein kan samarbeide for best mogleg beredskapsarbeid.

Samferdsleavdelinga deltok på øvinga i desember 2012 med resten av fylkeskommunen. I tillegg har avdelinga delteke på øvingane til Statens vegvesen. Statens vegvesen, vegavdelinga Sogn og Fjordane har mål om å ha øvingar to gonger i året, og når desse øvingane blir gjennomført, er fylkeskommunen med.

**Problemstilling 5: Korleis er kommunikasjonsnettet bygd ut i Sogn og Fjordane fylke?**

Per i dag har kvar naudetat framleis sitt eige analoge radiosamband med varierande dekningsgrad og radiokvalitet. Med eit slikt samband kan det vere utfordrande å ha samtalar og koordinere innsats på tvers av naudetatane. Frå 2014/15 skal det innførast digitalt naudnett (TETRA-naudnett) i Sogn og Fjordane. Dette nettet vil bli det primære kommunikasjonsnettet for naudetatar, og etterkvar vil det også kunne bli aktuelt at kommunal kriseleiing, fylkesmannen og eventuelt frivillige kan nytte naudnettet ved krisehendingar. Planen er at det nye kommunikasjonsnettet skal opnast 25. november 2014 i Sogn og Fjordane, med ei flatedekning på 86 %. Innføring av digitalt naudnett vil etter revisjonen si vurdering medverke til ei forbetring av naudkommunikasjonen i fylket.

Naudkommunikasjon i tunnelane er i dag basert på analogt naudnett (VHF), og naudtelefonar som er plassert ut i tunnelane. I Naudnett-kontrakten mellom Statens vegvesen og Direktorat for nødkommunikasjon er det fastsatt ei liste med tunnelar som skal inngå og bli finansiert av utbyggingsprosjektet. Kriteria for å etablere dekning i tunnelar var at veggrensa hadde analogt samband, eller at tunnelen var over 500 meter lang og at fleire enn 5 000 køyretøy passerte per døgn per år. Ingen av tunnelane i Sogn og Fjordane har ein årsdøgn trafikk på 5000 bilar. Dette inneber at det er tunnelar med analogt samband som får dekt naudnett, samt nye tunnelar som blir bygd der det blir lagt til rette for naudnett. Fylkeskommunen har signalisert at den ikkje har økonomi til ei utbygging av digitalt naudnett i alle eksisterande fylkesvegtunnelar over 500 meter. Revisjonen meiner at utbygginga, eller manglande utbygging, av naudnett i tunnelar må takast omsyn til i risikovurderingane til fylkeskommunen og må leggje grunnlag for eventuelle avbøtande tiltak som fylkeskommunen må vurdere på fylkesvegane. Revisjonen vil også peike på at ein viktig risikofaktor knytt til tunnelane, er standarden på tunnelane. Tryggleik og beredskap i tunnelane er ikkje berre avhengig av naudnett, men også av at andre tiltak som naudtelefonar, ventilasjon, lys, vedlikehald med meir. Det er viktig at desse faktorane blir vurdert samla når ein skal gjere ei risikovurdering og vurdering av avbøtande tiltak for vegområdet og tunnelane.

**Basert på vurderingene vil revisjonen tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

1. Sørgjer for at tryggleik og beredskap i større grad blir integrerert i fylkeskommunen sitt styringssystem og system for internkontroll.
2. Tydeleg formidlar kva fylkeskommunen si rolle er knytt til tryggleik og bereskap, og kven som er viktige samarbeidspartar ved ei eventuell krise.
3. Innan kort tid gjennomfører risikoanalyse for fylkeskommunen, inkludert alle verksemndene, og sørger for at analysen blir følgt opp med naudsynte handlingsplanar og tiltak.
4. Ferdigstiller den overordna kriseplanen med handlingsplanar for identifiserte hendingar og vurderer om kriseplanen kan oppdaterast med meir utfyllande informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap.
5. Sikrar at skildringa i kriseplanen er i samsvar med praksis når det gjeld om kriseleiinga skal aktiviserast når fylkesberedskapsrådet blir aktivert.
6. Leggje fram kriseplan og eventuelt ROS-analysen for politisk nivå.
7. Etablerer overordna retningslinjer for korleis fylkeskommunen og verksemndene i fylkeskommunen skal arbeide med tryggleik og beredskap, herunder krav til risikoanalysar, bereskapsplanar, øvingar, evalueringar, fordeling av ansvar og oppgåver, varsling, kommunikasjon, rapportering m.m.
8. Utarbeider ei rutine for skriftleg evaluering av øvingar og eventuelle hendingar slik at ein sikrar læring og forbetring i beredskapsarbeidet.
9. Sikrar at det går klårt fram av rutinane kva oppgåver den einskilde i kriseorganisasjonen sentralt og lokalt har ansvar for ved ei krise, og korleis oppgåvane skal utførast.
10. Sikrar at fylkeskommunen og dei einskilde verksemndene har tenlege varslingssystem, plan for krisekommunikasjon og gode loggføringsrutinar uavhengig av kva system ein legg til grunn.
11. Vurderer om einskilde medarbeidarar som har viktige rollar i kriseorganisasjonen, både sentralt og lokalt i verksemndene, har behov for opplæring i forhold til dei rollene dei er gjeve.
12. Ferdigstiller og godkjenner bereskapsplan for samferdsle.
13. Utarbeider ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket, herunder eit samla oversyn over kaier som kan nyttast i tilfelle vegstengingar.
14. Setter tryggleik og beredskap som fast punkt på agendaen på dei årlege kontaktmøta mellom fylkeskommunen og transportselskapa.

# Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>11</b>
1.1 Bakgrunn .....	11
1.2 Føremål og problemstillingar .....	11
<b>2. Metode .....</b>	<b>13</b>
2.1 Dokumentanalyse .....	13
2.2 Spørjeundersøking .....	13
2.3 Intervju .....	13
2.4 Verifiseringsprosessar .....	13
<b>3. Revisjonskriterium .....</b>	<b>14</b>
3.1 Ansvar for samfunnstryggleik og beredskap .....	14
3.2 Fylkeskommunen sitt ansvar for beredskap og krisehandtering ved skular .....	15
3.3 Fylkeskommunen sitt beredskapsansvar innanfor samferdsleområdet.....	16
3.4 Krav til internkontroll .....	17
<b>4. Data .....</b>	<b>18</b>
4.1 Overordna beredskapsarbeid i fylkeskommunen.....	18
4.1.1 Fylkeskommunen sine oppgåver .....	18
4.1.2 Kriseorganisasjonen i fylkeskommunen .....	18
4.1.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) .....	20
4.1.4 Beredskapsplan .....	22
4.1.5 Øvingar .....	23
4.1.6 Samarbeid med andre .....	23
4.1.7 Oppfølging etter uvêret «Dagmar» .....	24
4.2 Beredskapsarbeid i opplæringsavdelinga .....	25
4.2.1 Organisering .....	25
4.2.2 ROS-analyse.....	26
4.2.3 Beredskapsplanar .....	27
4.2.4 Øvingar .....	28
4.2.5 Samarbeid med kommunane .....	28
4.3 Beredskapsarbeid i samferdsleavdelinga .....	28
4.3.1 Organisering .....	28
4.3.2 ROS-analyse.....	29
4.3.3 Beredskapsplan .....	30
4.3.4 Transportberedskap.....	31
4.3.5 Samhandling med Statens vegvesen.....	32
4.3.6 Øvingar og opplæring .....	34
4.4 Naudkommunikasjon .....	34
<b>5. Vurdering .....</b>	<b>38</b>
5.1 Har fylkeskommune system og rutinar for å sikre at beredskapsarbeidet blir følgt opp i samsvar med regelverk og overordna retningslinjer? .....	38
5.2 Korleis har fylkeskommunen organisert sitt arbeid med tryggleik og beredskap? .....	38
5.3 Korleis er beredskapsarbeidet for dei vidaregåande skulane ivaretake av fylkeskommunen?.....	42
5.5 Korleis er kommunikasjonsnettet bygd ut i Sogn og Fjordane fylke? .....	47

<b>6. Tilrådingar .....</b>	<b>49</b>
<b>Vedlegg 1: Høyringsuttale .....</b>	<b>50</b>
<b>Vedlegg 2: Revisjonen sine kommentarer til høyringsvaret .....</b>	<b>52</b>
<b>Vedlegg 3: Oversikt over sentrale dokumenter og litteratur .....</b>	<b>54</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 18.06.2013, saksnr. 28/13, og er gjennomført i tidsrommet oktober 2013 til januar 2014.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Kontrollutvalet ynskjer å få undersøkt i kva grad fylkeskommunen oppfyller sitt ansvar for beredskap, og om dette arbeidet er organisert og følgt opp på ein god måte. I bestillinga blir spesielt samferdsleområdet (veg og transport) og ansvaret for dei vidaregåande skulane peika på som utvalde område å undersøke. Følgjande problemstillingar er formulerte for prosjektet:

- 1. Har fylkeskommune system og rutinar for å sikre at beredskapsarbeidet blir følgt opp i samsvar med regelverk og overordna retningslinjer?**
- 2. Korleis har fylkeskommunen organisert sitt arbeid med tryggleik og beredskap?**
  - a. Kva rolle har fylkeskommunen knytt til tryggleik og beredskap i fylket ved større kriser, som til dømes ekstremver, større ulykker osv.?
  - b. Korleis har fylkeskommunen organisert beredskapsarbeidet?
  - c. Har fylkeskommunen gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyser knytt til fylkeskommunen sine ansvarsområde og teke omsyn til dette i regionale planar og verksemadplanar?
  - d. Har fylkeskommunen utarbeidd beredskapsplanar og gjort desse kjent i organisasjonen?
  - e. I kva grad blir det gjennomført naudsynt opplæring og øvingar knytt til beredskapsarbeid?
  - f. Er det etablert tenlege varslingssystem ved kriser?
    - Har fylkeskommunen etablert eigne system for varsling og kommunikasjon ved kriser og ulukker?
  - g. I kva grad har fylkeskommunen etablert eit tilfredsstillande samarbeid med aktuelle aktørar innanfor beredskapsarbeidet, som t.d. Statens vegvesen, fylkesmannen, helseføretaket, politi, kommunane eller andre?
  - h. I kva grad har fylkeskommunen rutine for å evaluere fylkeskommunen si handtering av hendingar og sette i verk naudsynte tiltak i etterkant? (som til dømes ved ekstremværet Dagmar).
- 3. Korleis er beredskapsarbeidet for dei vidaregåande skulane ivareteke av fylkeskommunen?**
  - a) I kva grad er det etablert ein beredskapsorganisasjon for dei vidaregåande skulane?
  - b) I kva grad er det gjennomført ein ROS-analyse som har sett på risiko og sårbarheit for dei vidaregåande skulane?

- c) I kva grad har fylkeskommunen eller dei einskilde skulane utarbeidd beredskapsplanar for dei vidaregåande skulane?
- d) I kva grad har fylkeskommunen og/eller dei einskilde skulane etablert rutinar og prosedyrar for beredskapsarbeid og krisehandtering?
- e) I kva grad har elevar og tilsette fått tilstrekkeleg opplæring og gjennomført øvingar knytt til etablerte planar og prosedyrar for bereskaps- og krisehandtering?
- f) I kva grad er det etablert effektive varslingssystem og rutinar?

**4. Korleis er beredskapsarbeidet knyttt til samferdsleområdet ivaretake av fylkeskommunen?**

- a) Kva beredskapsansvar har fylkeskommunen for dei fylkeskommunale vegane og korleis blir dette handtert i fylkeskommunen?
- b) I kva grad er det gjennomført ein ROS-analyse som har sett på risiko og sårbarheit knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for veg og transportområdet?
- c) I kva grad har fylkeskommunen etablert beredskapsplanar knytt til veg og transport?
  - I kva grad har fylkeskommunen etablert planar for elevtransport ved eventuelle kriser og andre alvorlege hendingar som påverkar elevar ved dei vidaregåande skulane?
- d) I kva grad har fylkeskommunen utarbeidd ei oversikt over transportberedskapsbehovet til fylket?
- e) Korleis er beredskapen organisert knytt til veg og transport i fylkeskommunen?
  - Har fylkeskommunen oversikt over kven som kan ha ei særskilt rolle innan sivile transportoppgåver?
  - Blir det gjennomført årlege kontaktmøte med aktørar og samarbeidspartnarar som kan ha særskilte roller i den sivile transportberedskapen?
  - I kva grad er det samhandling på tvers av fylkeskommunar knytt til transportberedskap?
- f) Har tilsette fått nødvendig opplæring og deltatt i beredskapsøvingar?
- g) I kva grad er det etablert effektive varslingssystem og rutinar knytt til beredskapsarbeidet innan for samferdsle og transport?

**5. Korleis er kommunikasjonsnettet bygd ut i Sogn og Fjordane fylke?**

- h) Korleis er naudnett bygd ut i Sogn og Fjordane?
- i) Korleis er naudkommunikasjon i vegg tunnelane bygd ut?
- j) Korleis er telefonnettet (fasttelefon og mobiltelefon) bygd ut?
- k) Har utrykkingskjøretøy i fylket sikker kommunikasjon ved utfall av mobilnettet?

# 2. Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

## 2.1 Dokumentanalyse

Revisjonen har henta inn dokumentasjon på gjennomførte risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar, samt andre fylkeskommunale dokument og føringar for beredskapsområdet. Revisjonen har mellom anna gjennomgått overordna kriseplan og ROS-analyse for fylkeskommunen, samt beredskapsplanar for dei einskilde skulane og samferdsleområdet.

## 2.2 Spørjeundersøking

For å få svar på korleis skulane arbeider med beredskap og krisehandtering, inkludert øvingar og informasjon om beredskaps- og krisehandteringsplanar, har vi gjennomført ei spørjeundersøking som blei sendt til rektorane ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. I undersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva planar skulane har utarbeidd og korleis dei blei utarbeidd, samt spørsmål i samband med informasjon og øvingar knytt til tryggleik og beredskap. Alle femten skular som fekk spørjeundersøkinga svara på undersøkinga.

## 2.3 Intervju

Revisjonen har gjennomført intervju med utvalde personar som arbeider med beredskapsarbeid innanfor sentrale område i fylkeskommunen. Vi har intervjua assisterande direktør ved samferdsleavdelinga (kriseleiar i fylkeskommunen) og tidlegare assisterande direktør ved opplæringsavdelinga, samt assisterande fylkesrådmann . Revisjonen har også gjennomført intervju med fylkesberedskapsjef hjå fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ein avdelingsdirektør hjå Vegvesenet. Til saman har vi gjennomført 5 intervju. I tillegg har vi hatt samtale med Direktorat for nødkommunikasjon (DNK).

## 2.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei intervjuata for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten. Fylkesrådmannen har fått tilsendt dataa delen av rapporten til verifisering. Eventuelle faktafeil som blei påpeikt er tatt omsyn til. Rapport med vurderingsdel og forslag til tiltak er sendt til fylkesrådmannen for uttale. Fylkesrådmannen sin uttale er vedlagt den endelege rapporten.

# 3. Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsemblikket skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå Sivilbeskyttelsesloven med forskrift, Forskrift for sivil transportberedskap og rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

## 3.1 Ansvar for samfunnstryggleik og beredskap

Dei seinare åra har det vore retta aukande fokus på samfunnstryggleik og beredskap. St. meld.22 (2007-2008), St.meld. nr. 17 (2001-2002) og Meld. St. 29 (2011–2012) peikar på det ansvaret alle nivå i forvaltninga har for å ivareta samfunnstryggleiken. Det går fram av desse dokumenta at arbeidet med samfunnstryggleik skal ta utgangspunkt i følgjande prinsipp: *ansvar, nærliek, likskap og samvirke*. Prinsippa skal vere styrande for målet om at samfunnet skal kunne førebygge og handtere kriser på ein effektiv måte. Ansvarsprinsippet betyr at den som har ansvaret i ein normalsituasjon også har ansvaret ved ekstraordinære hendingar. Dette gjeld alle offentlege og private verksemder. Nærlieksprinsippet inneber at kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Prinsippet om likskap inneber at samfunnet må kunne fungere så normalt som mogleg, uansett kva det blir utsatt for, og at dei ordinære ansvarslinjene ligg fast.

Samvirkeprinsippet stiller krav til at myndighet, verksemd eller etat har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Sivilbeskyttelsesloven med forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane eit betydeleg ansvar for beredskapsarbeidet. I samsvar med nærlieksprinsippet har kommunane ansvar for å ivareta befolkninga sin tryggleik gjennom førebyggande arbeid og beredskap. Under kriser og katastrofar skal kommunen sette i verk tiltak for å beskytte befolkninga og sørge for å oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar.

Fylkesmannen er ansvarleg for å føre tilsyn med kommunane si oppfylling av forskrifa. Vidare har Fylkesmannen i følgje Instruks for Fylkesmannens beredskapsarbeid<sup>1</sup> ansvar for å:

- Ha oversikt over risiko- og sårbarhet i fylket.
- Ha oversikt over og samordne myndighetenes krav og forventningar til kommunane sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.
- Halde sentrale myndigheter og regionale samarbeidande etatar orientert om situasjonen innan fylket, under dette ta opp spørsmål som har betydning utover fylkesgrensa og riksgrensa der det er aktuelt
- Bistå sentrale myndigheter ved planlegging og gjennomføring av nasjonale beredskapstiltak.

Fylkesmannen leiar også Fylkesberedskapsrådet som er eit råd som skal drøfte samfunnstryggleiks- og beredskapsspørsmål, og vere forum for gjensidig orientering om beredskapsarbeid på ulike område. Rådet er eit instrument for Fylkesmannen for samordning av krisehandtering under alvorlege hendingar i fred, krisa og krig. Medlemmar i rådet er frå politiet, Forsvaret, Sivilforsvaret, frivillige organisasjonar og statlege og fylkeskommunale etatar som har vesentlege beredskapsoppgåver. Fylkesberedskapsrådet skal bidra til at medlemmane planlegg ut frå eit felles kommunisert risiko- og trusselbilde.

---

<sup>1</sup> FOR 2008-04-18 nr 388: Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard

I St.meld. nr. 17 (2001-2002) om «Samfunnssikkerhet» går det fram at fylkeskommunane sitt beredskapsansvar er knytt til det ansvaret dei har innanfor dei ulike sektorane, primært samferdselssektoren og skulesektoren. Det blir vidare vist til eit rundskriv om nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegginga, utgitt av Miljøverndepartementet i august 1998, der det blei presisert at «..sikkerhets- og beredskapsmessige hensyn skal inn som en sentral del av all samfunnsplanlegging..». I dette blir det uteia at det er forventa at jamleg oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalyser blir lagt inn som ein del av einkvar samfunnsplanprosess.

### 3.2 Fylkeskommunen sitt ansvar for beredskap og krisehandtering ved skular

Kunnskapsdepartementet ga i 2011 ut «Styringsdokument for arbeidet med samfunnsikkerhet og beredskap i kunnskapssektoren»<sup>2</sup>. I dokumentet blir det peika på at den «store annsamlingen av mennesker på avgrensede områder i kunnskapssektoren utgjør en sammfunssikkerhets- og beredskapsmessig utfordring i forhold til ulike scenarioer, som smittefare, ulykker, vold og terror.»

Vidare står det i styringsdokumentet at det er viktig at det på alle verksemdsnivå i kunnskapssektoren blir gjennomført ROS-analysar, utarbeidd krise- og beredskapsplanar og at det blir gjennomført øvingar for å teste eigen beredskap. ROS-analysane må bli følgt opp med konkrete tiltak for hendingar som har middels eller høg risiko og det må bli utarbeidd ein eigen oppfølgingsplan for slike hendingar. Vidare må ROS-analysane jamleg oppdaterast (minst anna kvart år). Kriseplanverket bør skildre ansvarsforhold, organisering og rutinar for varsling og handtering av hendingar. Planverket må jamleg reviderast og oppdaterast i samband med evaluering av krisehandtering og øvingar. Øvingar bør ta utgangspunkt i ROS-analysen og bør evaluerast i etterkant for å avdekke moglege forbettingsområde.

I det same styringsdokumentet viser Kunnskapsdepartementet til fleire aktuelle tema/område som bør få særleg merksemd:

- Informasjonstryggleik
- Samfunnskritiske tenester/infrastruktur
- Alvorlege hendingar
- Pandemi
- Skulebuss
- Brann
- Utslepp av miljøfarlege stoff
- Terror

Kunnskapsdepartementet har i brev til fylkeskommunane oktober 2008 understreka viktiga av at skular har gode planverk for førebyggande arbeid og handtering av ei alvorleg hending.<sup>3</sup> I brevet går det fram følgjande:

«Det er viktig at fylkeskommunane og har eit godt planverk som både kan vere til nytte i det førebyggjande arbeidet, og som kan føre til ei god handtering av ei alvorleg hending. For å få til dette er det heilt sentralt at det blir etablert eit tett samarbeid med det lokale politiet og andre lokale styresmakter».

Utdanningsdirektoratet har saman med politiet i 2013 utarbeidd ein rettleiarar for beredskapsplanlegging for barnehagar og utdanningsinstitusjonar: «Alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar. Rettleiar i beredskapsplanlegging»<sup>4</sup>. I rettleiaren står det at verksemdleiar (styrar/rektor/direktør) bør:

<sup>2</sup> <http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/StyringsdokumentHele.pdf>

<sup>3</sup> Brev frå Kunnskapsdepartementet 01.10.2008: Beredskap i dei vidaregåande skulane

<sup>4</sup> [http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/Beredskap/nyn%20Alvorlege%20hendingar\\_2.korr.pdf](http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/Beredskap/nyn%20Alvorlege%20hendingar_2.korr.pdf)

- syte for at alle tilsette er tryggleiksbevisste, har kunnskap om risikosituasjonar og har fått opplæring i interne tryggleiksprosedyrar.
- syte for at verksemda har kompetent personell som tek hand om, følgjer opp og melder frå om det som uroar.
- etablere rutinar for samarbeid på tvers av fagmiljø og etatar når det gjeld førebyggjande tiltak.
- kartlegge eigne risikosituasjonar (fysiske og psykososiale tilhøve) der tilsette, barn, elevar og studentar kan eksponerast for fare.
- gjennomgå og analysere funn frå kartleggingar og vurdere behov for tryggleiksstiltak.
- utarbeide beredskapsplanar i samarbeid med kommunen og nødetatane, som skildrar korleis leiinga og dei tilsette skal handtere ulike situasjonar.
- gjennomføre regelmessige øvingar (til dømes "skrivebordsøvingar") av beredskapsplanane med tilsette i si verksemrd. Planane bør ein gjennomgå og revidere årleg og elles ved behov.
- ha innovde rutinar for alvorlege hendingar.
- syte for at det er utarbeidd ein plan for krisekommunikasjon med pårørande, tilsette og media.

Rettleiaren gjev også innspel til kva som kan vere innhaldet i ein beredskapsplan og kva som kan ligge som vedlegg til beredskapsplanen.

I *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*, som mellom anna gjeld for vidaregåande skular, går det fram at skulane skal planlegge og drive verksemda slik at ein førebygger skadar og ulykker, at dei skal ha rutinar og utstyr for handtering av ulykker- og faresituasjonar og sikre at dette er kjent for alle:

#### «§ 14. Sikkerhet og helsemessig beredskap

Virksomheten skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges.  
Virksomheten skal ha rutiner og utstyr for håndtering av ulykkes- og faresituasjonar.  
Rutinene og sikkerhetsutstyret skal være kjent for alle, herunder barn og elever.»

### **3.3 Fylkeskommunen sitt beredskapsansvar innanfor samferdsleområdet**

Transportberedskapsstrukturen (TBS) består av Samferdselsdepartementet og departementet sitt rådgjevande beredskapsforum, samt av fylkeskommunen og dei transportselskapa og verstadane som fylkeskommunen har utpeika. Fylkeskommunane skal, saman med Samferdselsdepartementet, legge til rette for at det er ein transportberedskap ved større kriser.

Forskrift for sivil transportberedskap skildrar fylkeskommunen sitt ansvar for transportberedskap. Av § 4 i forskrifta går det fram at fylkeskommunen mellom anna skal avklare transportberedskapsbehovet gjennom risiko- og sårbarheitsanalysar. Fylkeskommunen skal også gjennomføre årlege møte med aktørar og samarbeidspartnarar som kan ha særskilte roller i den sivile transportberedskapen. Følgjande fylkeskommunale oppgåver går fram av forskrifta:

- «a) Avklare fylkets transportberedskapsbehov ved å avdekke hvilke kriser som kan utløse transportbehov, hvilke typer transportbehov det dreier seg om og hvordan organiseringen gjøres mest hensiktsmessig. Avklaring basert på risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) etter nærmere retningslinjer gitt av Samferdselsdepartementet anses tilstrekkelig.
- b) Utpeke og føre oversikt over løyvehavere, andre som eier eller bruker motorvogner for gods- eller persontransport eller målepunktige fartøy og verksteder, herunder deres personell og transportmateriell, som kan ha en særskilt rolle innen den sivile transportberedskapen.
- c) Årlig avholde kontaktmøter med aktører som nevnt i bokstav b) og andre samarbeidsparter.

- d) Delta i beredskapsøvelser etter anmodning fra departement, fylkesmann, politiet eller Forsvaret.
- e) Orientere Samferdselsdepartementet om eventuelle avtaler som er inngått med aktører som nevnt i bokstav b) for planlegging og utførelse av beredskapsoppdrag.»

Samferdselsdepartementet ga i 2009 ut «Strategi for samfunnssikkerhet og beredskap i samferdselssektoren». Av den går det fram at Fylkeskommunen får ei enda viktigare rolle i beredskapsarbeidet ved omklassifiseringa av ein betydeleg del av riksvegnettet til fylkesvegar frå 2010. Det blir peika på at fylkeskommunen har eit ansvar for å bistå fylkesmannen i samordningsfunksjonen med nødvendige transportfaglege råd ved større regionale kriser. Det blir presistert at det er Fylkesmannen, som er statens representant på regionalt nivå, som skal ha det koordinerande ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i fylket, i fred, krise og krig. I strategien blir det framheva at:

«Fylkeskommunen kan generelt bidra med å gjøre egen sektor sikker og robust ved blant annet å ha beredskapsplaner og ressurser for å håndtere egen drift ved kriser.»

### **3.4 Krav til internkontroll**

Fylkesrådmannen har eit overordna ansvar for internkontroll i fylkeskommunen. I Kommunelova står det at:

«Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.» (jf. Kommuneloven § 23. pkt.2.)

I Ot.prp. nr. 70 (2002–2003) går det fram at administrasjonssjefen har eit sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemrd. Det er leiinga i ein organisasjon som har ansvaret for å etablere eit tilfredsstillande internkontrollsysten. Internkontroll blir definert i vidaste forstand som ein prosess, sett i verk og gjennomført av verksemdene sine leiarar og tilsette, med føremål å sikre måloppnåing på følgjande område:

- Målretta og effektiv drift
- Påliteleg ekstern rapportering
- Etterleving av gjeldande lover og regelverk.

# 4. Data

## 4.1 Overordna beredskapsarbeid i fylkeskommunen

### 4.1.1 Fylkeskommunen sine oppgåver

Fylkeskommunen sine oppgåver knytt til tryggleik og beredskap er knytt til dei verksemdene fylkeskommunen har ansvar for slik som samferdsle, tannhelse, opplæring, kulturminnevern, regional planlegging m.m. Det er kommunane som har eit betydeleg ansvar for å handtere kriser som oppstår eller går føre seg i dei enkelte kommunane og som påverkar innbyggjarane i kommunen. Det overordna koordineringsansvaret ved ei større krise ligg til fylkesmannen og fylkesberedskapsrådet som er fylkesmannen sitt rådgjevande organ ved handtering av kriser. I tillegg har ein rekke naudetatar sentrale oppgåver ved ei eventuell krise.

### 4.1.2 Kriseorganisasjonen i fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har skildra organiseringa ved ei krise i dokumentet «Kriseorganisasjon» som er første del av kriseplanen (sjå 4.1.4). Måla for kriseorganisasjonen er «å planlegge, organisere, sette i verk og følgje opp aktivitetar som er nødvendige for å handtere uønska hendingar».

Prinsippet som blir lagt til grunn for kriseorganiseringa er at krisehandteringa følgjer linjeansvaret i organisasjonen, og at oppgåvene skal løysast på lågast moglege nivå i fylkeskommunen. I intervju blir det påpeikt at dei fleste krisetilfelle kan løysast på einingsnivå, og varsling skal gå direkte i linja. Den øvste kriseleiinga i fylkeskommunen trer i kraft når krisa er så omfattande at den einskilde avdelinga eller den einskilde institusjonen ikkje kan handtere den på eiga hand, eller krisa omfattar fleire delar av organisasjonen. Utover går det fram av kriseplanen<sup>5</sup> at dersom fylkesmannen har sett fylkesberedskapsrådet i funksjon, vil fylkesrådmannen automatisk etablere kriseleiing i fylkeskommunen.

På spørsmål om fylkeskommunen satt kriseleiing då fylkesberedskapsrådet blei aktivert under uveret Hilde og ved brannen i Lærdal svara kriseleiar i fylkeskommunen at det ikkje blei sett kriseleiing ved desse høva. Ved uveret Hilde deltok Fylkeskommunen på møta i beredskapsrådet. Samferdsleavdelinga var inne og etablerte alternativ transport med båt (riksveg 55 mellom Sogndal og Hermansverk vart stengt på grunn av ras). Ved brannen i Lærdal blei det vurdert slik at det ikkje var ei krise som fylkeskommunen vart direkte involvert. Fylkesrådmannen, fylkesordføraren og kriseleiar deltok på eit telefonmøte i fylkesberedskapsrådet.

Det går fram av skildringa av kriseorganisasjonen at fylkesrådmannen har ansvaret for overordna leiing, vedtak om iverksetjing av kriseleiing og skal ha kontakt med media. Fylkesrådmannen vil varsle utpeikt kriseleiar som har ansvar for operativ handtering av krisa. Kriseleiar er per i dag nestleiar i samferdsleavdelinga. I tillegg til kriseleiar er det også definert kven som skal vere operativ medarbeidar, informasjonsmedarbeidar, personell- og pårørrandekontakt, loggførar og driftskoordinator som inngår i kriseorganisasjonen. Desse vil kallast inn av kriseleiar ved behov. I tillegg er det definert kven som skal vere avløysar for kvar av funksjonane.

---

<sup>5</sup> Jf. kriseplanen (del 1), s. 2.

I dokumentet «Kriseorganisasjon» går det fram kva roller som inngår i kriseliing, men det er ikkje definert kva oppgåver som ligg til dei ulike rollene. Revisjonen har fått tilsendt ei separat oversikt over dei ulike rollene der det er stikkordsmessig vist til kva oppgåver som ligg til kva roller. Dokumentet er datert 13.12.12. Kriseliar viser til at dokumentet er under arbeid. I verifiseringa går det fram at skildringa kan bli endra når det er turvande.

Fylkesmannen ved fylkesberedskapssjefen har gått gjennom kriseorganiseringa i beredskapsplanen til fylkeskommunen i samband med øvinga i 2012. Han meiner det framstår som noko uklart korleis ein har tenkt seg at kriseorganisasjonen er leia. Det kan sjå ut som om fylkesrådmannen har ei meir tilbaketrekt rolle i kriseorganisasjonen enn t.d. rådmennene i kommunane ettersom kriseliaransvaret er lagt til ei anna stilling enn fylkesrådmannen.

I samband med verifiseringa skriv fylkesrådmannen at:

«Det går klart fram av organisasjonsplanen at fylkesrådmannen har den overordna leiinga. Den operative handteringen av krisa vert utføvd av ein kriseliar som har 6 personar med seg i kriseorganisasjonen. Det er tett kontakt mellom kriseliaren og fylkesrådmannen. Dersom det vert turvande så vil fylkesrådmannen fullt ut «tiltre» den operative kriseorganisasjonen.

Vi ser det som mest effektivt at fylkesrådmannen utøver den overordna leiinga av kriseorganisasjonen (og ikkje fylkesordføraren). Dette heng saman med at fylkeskommunen ikkje har eit «områdeansvar» i ein krisesituasjon slik som kommunane har. Fylkeskommunen har først og fremst ansvar innan dei tunge tenestesektorane som: fylkesveg, samferdsle og vidaregåande skule. Fylkesordføraren vil ha ei viktig rolle i det eksterne informasjonsarbeidet.»

Fylkeskommunen har vidare peikt ut mellom anna møterom, møtestad og ulike praktiske omsyn knytt til arbeidet i kriseliinga. Revisjonen har fått tilsendt eit referat frå møte den 28.11.13 om status for kriseorganisasjonen. Her går det fram at fylkeskommunen har drøfta ulike praktiske sider ved kriseorganisasjonen, mellom anna:

- Kva rom i fylkeshuset som skal prioriterast med omsyn til naudstrøm
- Vurdering av kjøp av loggføringssystemet CIM
- Plassering av satellittelefonar
- Oppdatering av varslingsliste
- Varslingsøving i desember 2013
- Øving i januar 2014

Det går vidare fram av overordna kriseplan at kriseorganisasjonen skal ha minst ei øving for året, leia av fylkesrådmannen (sjå 4.1.5 om øvingar).

Varslingsrutinane for fylkeskommunen går fram av skildringa av kriseorganisasjonen (jf. 4.1.4):

«Når det har skjedd ei uønska hending av betydning eller det er varsle ekstremver så skal fylkesrådmannen orienterast om det omgående. Fylkesrådmannen vurderer om kriseorganisasjonen skal iverksettast, eller om dette skal handterast gjennom den ordinære linjeorganisasjonen på avdelingsnivå eller institusjons-/skulenivå.»

Revisjonen har fått opplyst at kriseorganisasjonen i fylkeskommunen ikkje har vorte sett i verk utanom i øvingssituasjonar. Dei situasjonane der det har vore behov for kriseberedskap i fylket i tida etter at planen blei utarbeidd, har i hovudsak vore knytt til ekstremver, og då er det samferdsle som blir utfordra mest, og i mindre grad dei andre einingane i fylkeskommunen.

#### 4.1.2.1 Krisehandteringsverktøy

Det blir opplyst om at alle kommunar i fylket har tatt i bruk krisehandteringsverktøyet Crisis Issue Management (CIM), og det har også fleire andre samarbeidspartar, m.a. Helseforetak, Kystverket og Statens vegvesen. Også Fylkesmannen nyttar CIM. Systemet legg til rette for å sende og motta meldingar, og å registrere og sjå loggar ved ei krisehandtering. Fylkeskommunen har per i dag ikkje vedtatt å kjøpe inn dette systemet. I intervju peikar nokre på at det ville vore føremålstenleg at også fylkeskommunen hadde hatt tilsvarende system for å kunne kommunisere med dei andre aktørane i same system. Samstundes understrekar mellom anna Fylkesberedskapssjefen at implementering av CIM ikkje er nokon føresetnad for å kunne drive krisehandtering eller samhandle med Fylkesmannen ved ei krise. Fylkesberedskapssjefen påpeiker at alle organ har behov for eit loggføringsverktøy der ein kan dokumentere kva som har kome inn av meldingar og kva avgjerder som har vorte teke, men det treng ikkje nødvendigvis vere CIM.

Det går fram av kriseplanen at fylkeskommune har definert ei rolle som loggførar ved ei krise, og at vedkomande som har denne rolla, har ansvar for å loggføre all informasjon inn og ut av kriserommet og anna informasjon frå kriseleiinga. Det er ikkje skildra nærmare korleis dette skal loggførast og korleis dette skal arkiverast. Det går heller ikkje fram om det er utarbeidd ei predefinert liste for varsling av sentrale personar.

#### 4.1.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

I 2007 blei det gjennomført ein overordna ROS-analyse for Sogn og Fjordane fylkeskommune med hjelp frå eit konsulentselskap.<sup>6</sup> I rapporten frå analysen går det fram at føremålet med analysen er å «identifisere ulike uønskede hendelser som skal eller bør være etablert en kriseplan for». Analysen er gjennomført avdelingsvis på dei sju ulike einingane som eksisterte den gongen i fylkeskommunen, mellom anna gjennom samlingar/gruppearbeid med dei enkelte einingane.

Det går fram av risikoanalysen at «Resultatet fra denne SIRS vil danne grunnlaget for å utarbeide og implementere en kriseplan for SFFK».

I risikoanalysen er ulike hendingar vurdert ut frå sårbarheit og skadeomfang. Dei uønska hendingane blir så kategorisert i høg (raud), middels (gul) eller låg (grøn) risiko. Det går fram at uønska hendingar i kategorien «høg risiko» skal vere med i kriseplanen, medan hendingar i kategorien «låg risiko» ikkje skal vere med i kriseplanen, men kan brukast til å utarbeide andre rutinar. Uønska hendingar i kategorien «middels risiko» skal vurderast om skal vere med i kriseplanen.

Hendingar som er kategorisert som «høg risiko» er gjeve i tabellen under:

Avdeling	Hending
Regionalavdelinga	Skuleskyss: Vegar blir steng av ras/flom
	Skuleskyss: Ulykke/brann i tunnel
	Persontransport: Vegar blir steng av ras/flom
	Persontransport: Ulykke/brann i tunnel
Bygge- og eigedomstenesta	Brann i eit skulebygg i skuletida
	Brann på eit internat om natta

<sup>6</sup> «Situasjonsbetinget Involverende Risiko- og Sårbarhetsanalyse» utarbeidd av *incertus*.

Avdeling	Hending
	Forureining av drikkevatn
	Legionella spreiling frå dusjanlegg
Driftstenesta	Eit skytedrama oppstår i eller ved fylkeshuset, ein medarbeidar til SFFK er involvert eller er eit offer
	Ulukke utenfor fylkeshuset, fører til driftsstopp, evakuering f.eks. brann på Essoen eller i ein tankbil
	Vatnlekkasje på fylkeshuset
	Økonomisk utruskap
Kultur	Ansatt blir utsett for ei trafikkulukke
	Båt (Mathilde) går ned/synk under konsert
	Samanbrot i datasystem
	Post med personalopplysningar ligg opent for innsyn
Vidaregåande opplæring	Ytre etat: Brann på ein skule i skuletida.
	Ytre etat: Brann på ein skule utanfor skuletida. Det kan vere open skule, kurs, arrangement, møte med meir
	Ytre etat: Ulukke med en skulebuss
	Ytre etat: Ein elev eller lærling tek sjølvmord i skuletida
Stab	(ingen område vurdert som «høg risiko»)
Tannhelsetenesta	Brann på stor klinikk høgt oppe i bygget, på dagtid med mange pasientar med følgje. Evakuering er vanskeleg. Pasient i rullestol.
	Person truar og bruker våpen mot tilsette og pasientar i arbeidstida. Krev medisin og pengar.

I risikovurderinga blir desse hendingane lista i følgjande grupper/typar hendingar som skal vere med i kriseplanen:

- Ras og flom
- Transportulykker
- Brann eller følgjeskadar av brann
- Spreiling av virus/bakteriar
- Ran, vold, sjølvmord og truande situasjonar
- Omdømmesituasjonar

Etter analyserapporten var ferdig fekk ei prosjektgruppe i oppgåve å følgje opp analysen med konkrete planar/tiltak. Leiargruppa konkluderte med følgjande i handsaminga av rapporten:<sup>7</sup>

«Det vert gjort eit vidare arbeid i arbeidsgruppa for å etablere ei krisehandtering i fylkeskommunen, med sikte på å prioritere dei ROS-områda som det er viktig å få gjort noko med snarast. Arbeidsgruppa skal ha fokus på dei områda som kan føre med seg skade på liv og helse. Leiargruppa tek deretter standpunkt til det vidare arbeidet med korleis kriseplanen skal gjerast operativ på dei prioriterte områda.»

Det blir i intervju peikt på at arbeidet med å følgje opp ROS-analysen med tiltak i dei ulike avdelingane ikkje blei slutført, og at oppfølginga ikkje har blitt prioritert slik det var planlagt etter

<sup>7</sup> Jf. Sak 6 i leiargruppa den 19.11.2007: Risiko og sårbaranalyse for Sogn og fjordane fylkeskommune

at analysen var ferdig. Dei konkrete områda som blei trekt fram i rapporten har ikkje blitt innarbeidd i felles overordna kriseplan for fylkeskommunen. ROS analysen har ikkje blitt revidert sidan 2007. I intervju blir det peikt på at fylkeskommunen bør revidere risiko- og sårbarheitsanalysen, og revisjonen har fått opplyst at leiargruppa i møte 16.12.2013 har vedteke at risiko- og sårbarheitsanalysen av 2007 skal reviderast innan 1.5.2014.

På IKT-området blei det gjennomført risikoanalyse i 2005, og det er utarbeidd ein beredskaps-/katastrofeplan for IKT som er sist oppdatert i 2006. I 2007 blei status for nokre av risikoområda i 2005-analysen gjennomgått. I 2013 blei det gjennomført ny risikoanalyse knytt til system med personopplysningar. IKTdrifts-og utviklingstenesta i fylkeskommunen har i samband med risikoanalysen byrja å utarbeide utkast til styrande dokumentasjon knytt til sikkerhetsarkitektur og IT-policy. Dette omfattar og «Konsekvensanalyse ved bortfall av tenester» (BIA) og ny «Kontinuitets og Beredskapsplan» (KBP). Dette arbeidet skal bli slutført i 2014.

#### 4.1.4 Beredskapsplan

Som nemnt over har fylkeskommunen utarbeidd eit dokument<sup>8</sup> som skildrar kriseorganisasjonen i fylkeskommunen, og som er gjort tilgjengeleg på intranett i fylkeskommunen. Dokumentet blei godkjent av leiargruppa 13.8.2012, og det går fram at dette er «del 1» av kriseplanen for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kriseplanen skal i følgje dokumentet vere samansett av følgjande 3 dokument:

- Del 1: Kriseorganisasjon og opplegg for varsling
- Del 2: Konkrete handlingsplanar for kriseleiinga og institusjonane
- Del 3: Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er ikkje utarbeidd handlingsplan for den sentrale kriseleiinga (del 2), for alle einingane eller for hendingane som er merka raudt i ROS analysen. I intervju blir det påpeikt at fylkeskommunen ikkje er heilt i mål med kriseplanen, men at den likevel kan brukast slik den føreligg i dag.

I delen som er utarbeidd (del 1) går det fram mål for arbeidet, kriseorganisasjon, varslingsrutinar og oversyn over ulike oppgåver i krisestaben, samt praktisk informasjon knytt til kriserom og øvingar (sjå 4.1.1). Som nemnt tidlegare har revisjonen har fått tilsendt ei separat oversikt over dei ulike rollene der det er stikkordsmessig vist til kva oppgåver som ligg til kva roller.

Dokumentet er datert 13.12.12. Kriseleiar viser til at dokumentet er under arbeid. I verifiseringa går det fram at skildringa kan bli endra når det er turvande.

Del 1 i kriseplanen som omhandlar kriseorganisasjonen omtalar ikkje i kva grad og korleis ansvaret/fullmakter er fordelt i linja knytt til å handtere ein krisesituasjon. Det går heller ikkje fram kven som er sentrale samarbeidspartar utanfor fylkeskommunen i ei krise, og kven ein eventuelt skal varsle i ulike situasjonar. Det blir ikkje nemnt spesifikt kva rutine fylkeskommunen har for evaluering av hendingar eller øvingar, og eventuelle krav til opplæring av personar som har ei rolle i kriseorganisasjonen (utanom øving). Det går heller ikkje fram av skildringa av kriseorganisasjonen kva krav fylkeskommunen set til øvingar og opplæring i dei einskilde einingane.

I intervju kjem det fram at det ikkje er utarbeidd nokon konkrete planar for når del 2 i kriseplanen skal vere ferdig, eller kva den konkret skal innehalde.

Kriseplanen er ikkje handsama av politisk nivå i fylkeskommunen.

Det er utarbeidd krise/beredskapsplan for IKT (sjå 4.1.3), og eigne beredskapsplanar for kvar enkelt av dei vidaregåande skulane og samferdsleavdelinga (sjå 4.2.3 og 4.3.3). Det er ikkje

<sup>8</sup> «Kriseorganisasjon» Kriseplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Del 1: kriseorganisasjon og opplegg for varsling.

utarbeidd beredskapsplanar for andre einingar (som t.d. knytt til kulturminnevern, tannhelse, regional planlegging).

#### **4.1.5 Øvingar**

I intervju blir det påpeikt at det er viktig at organisasjonen er drilla på oppgåvene dei enkelte har, for at ein skal vere førebudd for krisehendingar. Det går fram av del 1 av kriseplanen at kriseorganisasjonen skal ha minst ei øving for året, leia av fylkesrådmannen. Det blei gjennomført ei kriseøving 17. desember 2012, og det skal gjennomførast ny øving i tidleg i 2014. Det har også blitt gjennomført ei varslingsøving 18.12.2013.

Øvinga 17.12.12 blei gjennomført etter at del 1 i kriseplanen blei godkjent i leiargruppa. Øvinga var tilrettelagt for fylkeskommunen av fylkesmannen. Fylkesmannen utarbeidde eit scenario rundt ei tenkt uvershending som fekk følgjer for mellom anna skular, samferdsle og tannhelse. Ein brukte Nynorsk mediesenter til å utarbeide førehandsinnspekte medieinnslag, og ein hadde journalistar som stilte spørsmål til kriseleiinga.

Det går ikkje fram tydelege krav til eller rutinar for evaluering av gjennomførte øvingar. Revisjonen har fått opplyst at fylkeskommunen etter øvinga i desember 2012 gjennomførte ei oppsummering/evaluering, mellom anna på bakgrunn av innspel frå Fylkesmannen, men det har ikkje blitt skriftleggjort ein evalueringsrapport/notat.

Kriseorganisering skal vidare vere eit tema i leiargruppa kvart år. Dette skjedde sist den 16.12.2013 og går fram av referatet frå leiargruppa.

Det har ikkje blitt gjeve føringar frå sentralt hald i fylkeskommunen om at det skal vere tilsvarende årleg øving eller tema ved dei ulike einingane i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen deltek også i øvingar som fylkesberedskapsrådet og Statens vegvesen set i verk (sjå 4.1.6 og 4.3.6).

#### **4.1.6 Samarbeid med andre**

På fleire område samhandlar fylkeskommunen med Fylkesmannen i samband med samfunnstryggleik og beredskap. Dette gjeld både i samband med sjølve handteringen av ei eventuell krise og i samband med førebyggande tiltak. Fylkesmannen leiar Fylkesberedskapsrådet som er ein viktig arena der fylkeskommunen samhandlar med Fylkesmannen og andre etatar som er sentrale i beredskapsarbeidet. I Sogn og Fjordane består Fylkesberedskapsrådet mellom anna av fylkeskommunen, Politiet, NVE, Vegvesenet, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Telenor, Helse Førde, Forsvaret, KS, representantar frå kraftforsyninga og banknæringa og Raude kross. Fylkesberedskapsrådet samordnar beredskapsarbeidet på fylkesnivå. Det blir halde eitt fast møte i året. Fylkeskommunen møter vanlegvis med tre representantar; fylkesordførar, fylkesrådmann og nestleiar i samferdsleavdelinga (kriseleiari). I intervju forklarer fylkesberedskapssjefen hjå Fylkesmannen at utifrå forventningar knytt til fylkeskommunen si rolle i «beredskapsfamilien», meiner han fylkeskommunen ivaretok sine oppgåver knytt til samfunnstryggleik og beredskap. I intervju kjem det fram at det har vore eit godt engasjement omkring rådet i Sogn og Fjordane, og at samarbeidet der har fungerer bra. Fylkesberedskapssjefen oppgjev at rådet har blitt aktivert fleire gonger dei siste åra i samband med ulike uønskte hendingar. Rådet blei aktivert fem gonger under Dagmar, ved uveret Hilde i november 2013 og ved brannen i Lærdal i januar 2014.

Det er ikkje alltid heile Fylkesberedskapsrådet blir samla, men ein kan gjennomføre telefonkonferansar, der dei aktørane som er aktuelle for den konkrete hendinga deltek.

Eit anna viktig samarbeidsforum for fylkeskommunen er dei regelmessige møta mellom embetsleiinga hjå fylkesmannen og fylkeskommunen si leiing. Det er vanlegvis 5-6 møter årleg. I desse møta blir også saker som gjeld beredskap/samfunnstryggleik diskutert. Det er også etablert samarbeid knytt til arbeidet med klima, der det er etablert eit samarbeidsforum mellom bl.a. fylkesmannen, fylkeskommunen og KS, som diskuterer arbeid med klimaendringar og -tilpassing. Det kjem fram i intervju at fylkesmannen har hatt ein god kontakt med fylkeskommunen om dette, og mellom anna arrangert felles møte og konferansar knytt til temaet. Vidare er Planforum ein viktig møteplass. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for å etablere denne arenaen, og fylkesmannen deltek også gjennom mellom å anna å gje rettleiing, t.d. knytt til ROS-analysar.

Fylkeskommunen har delteke på kriseøvingar i regi av fylkesmannen. Mellom anna i 2011, på ei øving i samarbeid med helsedirektoratet, og i 2012, på ei øving knytt til bortfall av straum. I desse øvingane deltok fylkeskommunen som ein del av fylkesberedskapsrådet.

Då fylkesmannen gjennomførte risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane («fylkes-ROS») i 2007 og 2013 var fylkesberedskapsrådet ei slags «referansegruppe». Analysane blei diskutert på møte i fylkesberedskapsrådet i samband med gjennomgangen. Det blei også laga ein felles oppfølgingsplan der deltakarane forplikta seg til å følgje opp tiltak i etterkant, fylkeskommunen fekk i oppgåve å lage eit samla oversyn over kaiar i fylket (sjå 4.3.4.2 Tilgjengeleg transportmateriell).

Statens vegvesen er også ein svært viktig aktør å samarbeide med for fylkeskommunen, når det gjeld område knytt til tryggleik og beredskap. Vegvesenet er utøvande organ for ferje og veg, og har også ansvar for den operative kriseleiinga dersom det oppstår hendingar knytt til desse områda. Samarbeidet mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen er nærmere skildra i 4.3.6, under.

#### 4.1.7 Oppfølging etter uvêret «Dagmar»

Uveret «Dagmar» i desember 2011 råka Sogn og Fjordane hardt. Det var ekstremver i heile fylket og mange stengde vegar. Hovudsamband på riksvegnett var stengt, og det var straumbrot og kommunikasjonsproblem. Fylket var utan straum, internettforbindelse og etterkvart därlegare telefondekning. Det var også brot på datalinjene til Hermansverk.

Det går fram av intervju og referat frå leiargruppemøte<sup>9</sup> at fylkeskommunen hadde store utfordringar med å gjennomføre kriseleiinga under uvêret. Det blei ikkje etablert ei formell kriseorganisering, dette blei i praksis løyst av fylkesrådmann og samferdsleavdelinga. Nestleiar for samferdsleavdelinga blei kontakta av fylkesmannen med varsle om møte i fylkesberedskapsrådet, og haldt kontakt med fylkesberedskapsrådet via mobiltelefon.

Revisjonen får opplyst at fylkeskommunen har gjennomført fleire tiltak som ein del av oppfølginga etter Dagmar:

- Det blei fortgang i utarbeiding av overordna kriseplan
- Det er etablert ei internettlinje som fylkesrådmann og IKT kan nytte for å kople seg på internett dersom dei to ordinære linjene ikkje fungerer.
- Ein har definert betre kvar det er nødvendig med naudstraum i fylkesbygget
- Fylkeskommunen har kjøpt inn to satelittelefonar.

---

<sup>9</sup> Sak 6 i leiargruppa 7.2.2012: Kriseorganisasjon

Når det gjeld satelittelefonar var situasjonen før Dagmar at fleire verksemder i fylket var utan satelittelefonar, inkl. fylkeskommunen. No har fleire verksemder og kommunar fått satellittkommunikasjon. Alle nummer er innmeldt til fylkesmannen, som har utarbeidd og formidla ei oversikt over kven som har satelittelefonar. Denne ligg i beredskapsplanen for samferdsleavdelinga. Det har vorte gjennomført ein test av satelittelefonane der ein ringer opp mot eit nummer, for å forsikre at nettet har kapasitet til fleire samtalar på ein gong.

Det blei gjennomført fleire evalueringsprosessar etter ekstremveret, og fylkesmannen utarbeidde ein rapport der målet var å sjå «på tvers» av dei ulike erfaringane/evalueringane. Denne evalueringa peikte på forbetringssområde mellom anna knytt til

- tele- og kraftforsyning
- legevaktsentralar
- samhandling med frivillige organisasjonar
- kriseinformasjon og media si rolle

Fylkeskommunen blei ikkje utpeikt som ein sentral «eigar» av problemstillingane/utfordringane som blei framheva.

Fylkeskommunen utarbeida ikkje ein eigen evalueringsrapport etter hendinga, men leiargruppa tok opp handteringen av Dagmar som ei sak i leiargruppa og konkluderte med at fylkeskommunen måtte ytterlegare forsterke beredskapsarbeidet sitt.

I intervju går det fram at fylkeskommunen i dag er så rusta som ein kan vere for å ta imot ein ny «Dagmar», men det blir samstundes påpeikt at krisesituasjonar aldri er like frå gang til gang, så ein må vere budd på det uventa.

## 4.2 Beredskapsarbeid i opplæringsavdelinga

### 4.2.1 Organisering

Det går fram av intervju med administrasjonen at når det er ei aktuell krise på ein av dei vidaregåande skulane, skal det vere direkte linje frå skulen til kriseorganisasjonen i vedkomande kommune. Skulane samhandlar primært med kommunane sin kriseberedskap i krisesituasjonar. Dersom det er ei omfattande hending, slik som til dømes ein stor brann ved ein skule, vil det kunne vere naudsynt å setje i verk den øvste kriseleiinga i fylkeskommunen.

Av kriseplanen går det fram at all varsling skal skje i linja.. Det går fram i intervju at det er naturleg at dei tar kontakt med fylkesdirektør eller assisterande fylkesdirektør for opplæring for å melde frå om ei hending. Fylkesdirektøren vil då vurdere om dette er ei hending som krev at den overordna kriseorganisasjonen skal settast i verk eller om dette skal handterast på skulen saman med fylkesdirektøren. I spørjeundersøkinga til dei vidaregåande skulane gjev dei fleste skulane uttrykk for at det vil vere naturleg å ta kontakt med opplæringsavdelinga sentralt/ opplæringsdirektøren dersom det oppstår ei krise. Samtidig kjem det også fram at det for nokre skular framstår som uklart korleis skulen er forventa å samarbeide med opplæringsavdelinga/fylkeskommunen i ein krisesituasjon.

I intervju blir det peikt på at organisering lokalt på skulen er det viktigaste. Kvar skule må ha eit lokalt system for å sette i verk naudsynte tiltak ved ei hending. Det blir opplyst at dersom det oppstår spesielle hendingar vil fylkesdirektøren umiddelbart ta kontakt med skulen for å sikre at kriseplanane blir følgt og at naudsynte tiltak blir sett i verk.

Fylkeskommunen har opplevd at det har skjedd kritiske hendingar ved skulane, mellom anna knytt til dødsfall. Representant frå opplæringsavdelinga forklarer i intervju at slike hendingar har blitt handtert godt av skulane saman med fylkesdirektøren.

Då leiargruppa vedtok del 1 i den overordna kriplanen<sup>10</sup> blei det konkludert med at det var behov for tydelegare avklaringar mellom sentraladministrasjonen, opplæringsavdelinga og dei ulike einingane. Dette har ikkje vorte følt opp med konkrete tiltak per i dag.

I samband med verifiseringa viser fylkesrådmannen til at varsling og ansvarsforhold mellom fylkeskommunen sentralt og institusjonane er avklart, dvs. at varsling skal skje gjennom linjeorganisasjonen. Det blir vist til dokumentet «Kriseorganisasjonen» datert 13.12.2012 der følgjande går fram:

## «2.1 ORGANISASJONSSTRUKTUR

Krisehandtering er eit linjeansvar. Oppgåvene skal løysast på lågast mogleg nivå i organisasjonen og så nær hendinga som mogleg. Dei fleste uønska hendingane/krisene er av eit slikt omfang at dei truleg kan handterast på institusjons-/skulenivå. For å handtere kriser av noko større omfang er det organisert ei eiga kriseleiing på øvste nivå i fylkeskommunen.

## 3 VARSLING

Når det har skjedd ei uønska hending av betydning eller det er varsla ekstremver så skal fylkesrådmannen orienterast om det omgående. Fylkesrådmannen vurderer om kriorganisasjonen skal iverksettast, eller om dette skal handterast gjennom den ordinære linjeorganisasjonen på avdelingsnivå eller institusjons-/skulenivå.»

I verifiseringa viser fylkesrådmannen også til sak 6 i leiargruppa den 13.8.12 som revisjonen har referert, og der det blei konkludert med at det er turvande med tydelegare avklaringar mellom dei forskjellige nivå i organisasjonen. Fylkesrådmannen skriv i verifisering at «Etter nærmere vurdering så meiner vi at dette også er fanga opp av kap. 2.1 og 3 i kriorganisasjonen og at det må skje ei konkret fordeling av oppgåvene i den einskilde krisen.»

### 4.2.2 ROS-analyse

ROS-analysen frå 2007 omhandla også opplæringsområdet i fylkeskommunen og det blei identifisert fleire mogleg kritiske hendingar. Det går fram i intervju at ROS-analysen (sjå 4.1.3) ikkje er følt godt nok opp i opplæringsavdelinga i ettermiddag.

I etterkant av ROS-analysen var det tenkt at ein skulle utarbeide overordna kri- og beredskapsplanar for raude hendingar (identifisert i ROS-analysen) som overordna nivå i fylkeskommunen kunne ta utgangspunkt i dersom det skulle inntrefte ei slik raud hending ved t.d. ein skule. Dette er ikkje gjort. Skulane har utarbeida lokale kri- eller beredskapsplanar for dei einskilde skulane (nokre før og ein del etter ROS-analysen), men desse adresserer berre i varierande grad dei raude hendingane.

På spørsmål i spørjeundersøkinga om dei enkelte skulane har gjennomført ROS-analyser knytt til eiga verksemrd, varierer svara. 4 skular svarar at dei ikkje har gjennomført ei ROS-analyse. Andre skular viser til risikoanalyse av ulike driftsområde (innkjøp, personal og liknande) og HMT. Få skular nemner ROS-analyse knytt til tryggleik og beredskap som tema for ROS-analyse.

---

<sup>10</sup> Sak 6 i leiargruppa 13.8.2012

#### **4.2.3 Beredskapsplanar**

Kvar skule utarbeidde sin eigen beredskapsplan i 2006. Det var ikkje ein felles mal eller andre føringar som blei lagt til grunn for arbeidet, og det er til dels store variasjonar mellom planane kva gjeld tittel, utforming, innhald og omfang. Fylkesdirektøren fekk inn alle planane og samla desse. Det er ikkje gjort ei sentral kvalitetssikring av planane. Det er ikkje sett krav frå fylkeskommunen sentralt om tidspunkt for evaluering og revisjon av planane.

Alle planane inneheld informasjon om korleis skulen skal handtere ulukker og dødsfall. Det blir i intervju påpeikt at det er viktig å ha ei «oppeskrift» som ein kan hente fram ved slike hendingar slik at ein veit kva ein skal gjere. Samtidig er det ikkje alle planane som inneheld utfyllande kontaktinformasjon i samband med varsling ved kriser og/eller ulukker. For fleire av planane er det ikkje gjeve tydelege retningslinjer for samarbeid med naudetatar og/eller kommune, og det er berre fire av skulane som har inkludert handlingsplanar knytt til beredskap for vald og truslar om vald (til dømes skyting). Det er også fleire av planane som manglar klare retningslinjer for kor ofte planen skal reviderast og kven som er ansvarleg for å oppdatere dokumentet (dokumentstyring).

I 2010 blei det stilt krav til at alle skulane også skulle utarbeide kriplanar for pandemi. Planane for pandemi blei utarbeidd etter ein felles mal. Opplæringsavdelinga forklarer at pandemiplanane er bygd på eit «worst case scenario», og dermed ikkje er så aktuelle for «mindre alvorlege» smittsame sjukdommar.

Av svara på spørjeundersøkinga som blei sendt ut til rektorar går det fram at alle skulane oppgjev at dei har kriplan/beredskapsplan, medan 14 skular oppgjev at dei har planar knytt til brann og 8 skular oppgjev at dei har planar knytt til pandemi. I tillegg har skulane ulike andre planar knytt til mellom anna evakuering, HMT og folkehelse. Alle skulane oppgjev at skuleleiinga har vore involvert i utarbeidninga av planane, og i tillegg har andre (mellom anna rådgjevarar, verneorganisasjon, tilsetterepresentantar og tilsette) delteke i utarbeidninga.

Det varierer mellom skulane i kva grad kriplan/beredskapsplanane er daterte, og når dei er sist oppdaterte. Opplæringsavdelinga gjev uttrykk for at ein bør vurdere å revidere planane på skulane, ettersom det no er ei stund sidan dei først blei utarbeidd. Vidare blir det kommentert i intervju at fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide ein felles mal for slike planar for å sikre at skulane sine planar oppfyller ein del minstekrav, og at ein bør ta ein gjennomgang av kriplanane på skulane for å kople dei opp mot den sentrale kriplanen i fylkeskommunen. Det blir likevel påpeikt at det må vere noko lokal handlefridom for dei enkelte skulane i utarbeiding av planane.

I spørjeundersøkinga blir det frå enkelte skular påpeikt at det bør vere fleire felles malar for ulike planar, og det kjem også innspel om behov for betre samordning mellom lokale kriplanar på skulane og overordna beredskapsplan i fylkeskommunen. Vidare blir det frå ein av skulane påpeikt at det ville vore ein fordel om fylkeskommunen hadde eit eige IT-system knytt til beredskap og HMT.

I intervju forklarer fylkesberedskapssjefen at fylkesmannen har vore oppteken av at skuleigar må ha ei viktig rolle i arbeidet med å utvikle beredskapsplanane på skulane. Beredskapsplanar må vere samordna mellom sentraladministrasjonen og den enkelte skule, mellom anna med tanke på å avklare roller og ansvar i krisesituasjonar. Det vil vere eit stort informasjonsbehov dersom det oppstår krisesituasjonar ved skulane, og sentraladministrasjonen bør vere med på å leie eller støtte dette arbeidet.

#### **4.2.4 Øvingar**

Av dei 15 skulane svarar 10 at dei har gjennomført eller delteke i øvingar knytt til tryggleik og beredskap dei siste tre åra. Det er fire skular som svarar at dei ikkje har gjennomført slike øvingar, medan ein rektor svarar at han ikkje veit.

Det har ikkje vore noko særskilt oppfølging av om rektorane følgjer opp dei kriseplanane dei har utarbeidd t.d. gjennom opplæring og øvingar. Fylkesdirektøren for opplæring har ikkje tatt initiativ til å gjennomføre opplæring og/eller øvingar knytt til krisa og beredskap ved skulane, men han forklarer at fleire av skulane har gjennomført krisøving i samarbeid med lokalt politi, hjelpekorps og helseteneste. Fylkesdirektøren blir då varsle av rektor før øving. Elevar ved dei vidaregåande skulane deltek gjerne som markørar ved øving. Skulane gjennomfører eigne brannøvingar i samarbeid med lokalt brannvern. Alle rektorane har fått medietreningskurs.

I samband med at leiargruppa i fylkeskommunen hadde kriseorganisasjon som tema på leiargruppemøte 16.12.2013 blei det vedteke at «det skal gjennomførast ein temadag med rektorane og andre aktuelle leiatar om handtering av krisesituasjonar, skyting og pågående vald, samarbeid med politiet og helsevesenet, erfaringsutveksling vedkomande beredskapsplanlegging og øvingar.»

I spørjeundersøkinga går det fram at beredskapsplanar er gjort kjent blant dei tilsette ved skulane på ulike måtar. Enkelte skular forklarer at dei har hatt det som tema på fellesmøte, medan andre skular opplyser om at informasjonen blir gjennomgått ved nytilsetting og/eller ved at informasjonen er gjort tilgjengeleg på intranett/Fronter. Det varierer i kva grad personar som har ei særskilt rolle i beredskapsarbeidet har fått særleg informasjon og opplæring. Nokre av skulane forklarer at dette er gjeve for dei med særskilt ansvar for brannvern.

10 av 15 skular gjev uttrykk for at det er behov for å øve meir på å handtere krisesituasjonar ved skulen. Mellom områda som blir trekt fram som viktige å øve på er:

- Ekstern samhandling med naudetatar
- Førstehjelp
- Evakuering
- Opplæring i å møte menneske i krisa
- Alvorlege ulukker
- Katastrofar/alvorlege trugsmål

#### **4.2.5 Samarbeid med kommunane**

I spørjeundersøkinga blei skulane spurta om dei har etablert samarbeid med kommunen skulen er lokalisert i knytt til tryggleik og beredskap. Det varierer i kva grad skulane har etablert slikt samarbeid, og kva som eventuelt inngår i slikt samarbeid. Fleire av skulane opplyser at det er etablert samarbeid knytt til brann, medan nokre også har lagt fram beredskapsplanar for kommune og/eller naudetatar.

### **4.3 Beredskapsarbeid i samferdsleavdelinga**

#### **4.3.1 Organisering**

I Fylkes-ROS er det lagt opp til følgjande ansvarsdeling mellom Statens vegvesen, kommunane og fylkeskommunen:


- Statens vegvesen har ansvaret for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet

- Kommunane har ansvaret for det kommunale vegnettet. Det kommunale ansvaret omfattar òg nødvendige beredskapstiltak – som t. d. å planlegge for å kunne handtere hendingar som måtte oppstå på/langs vegen.
- Fylkeskommunen har ansvar for å gjennomføre persontransport med buss og båt.

Dei viktigaste oppgåvene til samferdsleavdelinga knytt til beredskap og tryggleik, er å handtere situasjonar knytt til veggstengingar i fylket, og som ein del av dette leggje til rette for alternativ persontransport.

Beredskapsplanen for samferdsleavdelinga (sjå 4.3.3) skisserer varslingsrutinar mellom Statens vegvesen og samferdsleavdelinga og oppretting av krieseleiing ved hendingar på fylkesvegnettet:

«Når beredskapsansvarleg får melding om ei hending på fylkesvegnettet skal fylkesdirektør for samferdsle varslast. Ved alvorlege hendingar med store materielle skader, personskade eller omkomne skal fylkesrådmannen varslast. I dei tilfella der fylkesmannen vedtek å sette fylkesberedskapsrådet i funksjon, vil fylkesrådmannen etablere krieseleiing i fylkeskommunen. I dei tilfella vil beredskapen på Samferdsleavdelinga bli underordna krieseleiinga og utfører faglege oppgåver på oppdrag frå krieseleiari i krieseleiinga. Fylkesrådmannen kan også etablere krieseleiing i større kriser for fylkeskommunen (t.d. omdømmekrise) der fagavdelinga vert underlagt krieseleiinga.»



**Figur 1 Varsling ved hendingar på fylkesvegnettet. Kjelde: Beredskapsplanen for samferdsleavdelinga**

Sjå pkt. 4.3.5 for nærmare presentasjon av ansvars- og oppgåvedelinga mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen.

#### 4.3.2 ROS-analyse

I 2007 var skuleskyss og persontransport blant dei områda som blei gjennomgått i ROS-analysen (sjå 4.1.3). Det har ikkje vorte gjennomført ny ROS-analyse på samferdsleområdet etter samferdsleavdelinga blei oppretta, eller i samband med at fylkeskommunen tok over ansvaret for store delar av riksvegnettet. Det er heller ikkje utarbeidd ein eigen ROS-analyse som grunnlag for

beredskapsplanen i samferdsleavdelinga (sjå under). Samferdsleavdelinga har vore involvert i fylkes-ROS, og har dialog med fylkesberedskapssjefen gjennom mellom anna fylkesberedskapsrådet.

#### **4.3.3 Beredskapsplan**

I samferdsleavdelinga blei det i 2012 utarbeidd ein eigen beredskapsplan. Planen er ikkje endeleg godkjent av fylkesrådmannen og dette vil skje tidleg i 2014. Etter det revisjonen har fått klarlagt er grunnen til at planen ikkje har vorte godkjent at oversikta over tilgjengeleg båtmateriell i planen ikkje er oppdatert. Planen blir likevel nytta av fylkeskommunen som om han er godkjent.

Kriseplanen som er utarbeidd for samferdsleavdelinga er primært retta inn mot dei spesifikke sakene som er knytt til samferdsleavdelinga, og er meint å møte behovet for planverk knytt til situasjonar som kan løysast utan at heile krisestaben i fylkeskommunen blir sett inn. Det går fram av planen at den er utarbeidd for å kunne takle framtidige uønskte hendingar på fylkesvegnettet.

Beredskapsplanen for samferdsleavdelinga omhandlar avdelinga sine primære ansvarsområde knytt til veg og kollektivtransport, og er ikkje meint å spesifikt skildre samferdsleavdelinga sine oppgåver dersom det oppstår ei krise på ein av dei fylkeskommunale institusjonane. Dersom det til dømes oppstår ei krise på ein av dei vidaregåande skulane der det er behov for uttransportering, er det kriseplanen for den aktuelle skulen som blir sett i verk.

Planen skal oppdaterast/kvalitetssikrast årleg, og blei sist oppdatert 10.09.2013. Han inneholder oversikt over dei tilsette i avdelinga med kontaktinformasjon, samt kontaktinformasjon for Statens vegvesen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, kommunane i fylket og fylkesberedskapsrådet.

Det går vidare fram av planen kven som skal varslast dersom det oppstår ei hending på vegnettet, samt korleis kontakten mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen skal vere i desse sakene. Beredskapsplanen har eit eige kapittel som gjeld informasjonsrutinar, med informasjon om kva informasjon som skal gjerast tilgjengeleg på Internett ved hendingar på fylkesvegnettet.

Det blir understreka i planen at «I løpet av fredag kvar veke sender beredskapsansvarleg informasjon til Statens vegvesen om kven som er samferdsleavdelinga sin kontaktperson for helga». Revisjonen får opplyst at denne rutinen først vil bli sett i verk når beredskapsplanen er godkjent av fylkesrådmannen tidleg i 2014.

Beredskapsplanen inneholder vidare konkrete krav og føringar som skal leggjast til grunn for å vurdere behov for ekstraordinær persontransport som t.d. lengde på stenging, kostnader, omkjøringsmoglegheiter, behov for skuleskyss (sjå 4.3.4).

Det blir presisert at dersom behovet for ekstraordinær persontransport vil medføre ekstrakostnader for samferdsleavdelinga må slike kostnader avklarast før tiltak blir sett i verk. Det går ikkje fram kven som skal godkjenne denne kostnaden, men revisjonen får opplyser i samband med verifiseringa at det er fylkesrådmannen som har fullmakt til å nytte ekstra midlar for å etablere ekstraordinære transportløysingar i samband med krisar. Jfr. pkt. 2.6.10 i budsjettreglementet.

Det går ikkje fram av beredskapsplanen korleis ansvar for å loggføre meldingar og å dokumentere kommunikasjonen blir ivaretatt dersom ikkje den sentrale kriseleiinga er sett i verk med sin loggførar.

#### **4.3.4 Transportberedskap**

Hovudansvaret til samferdsleavdelinga i samband med krisesituasjonar er å etablere alternativ transport når ei krise oppstår. Dette gjeld i særleg grad ved vegstenging, som ofte oppstår i samband med uvêr. Stenginga kan vere av kortare eller lenger varigheit. Fylkeskommunen blir gjerne bedt av vegvesenet om å opprette alternativ transport, og det kan også komme som bestilling frå fylkesberedskapsrådet.

##### **4.3.4.1 Oppretting av alternativ persontransport**

I følgje beredskapsplanen til samferdsleavdelinga skal «beredskapsansvarleg og tilsette på avdelinga» ved stenging av fylkesveg utarbeide eit opplegg for ekstraordinær persontransport i samråd med Statens vegvesen og kommunen som er råka. Det blir lagt til grunn ulike forhold som skal vurderast eller vektleggjast i samband med slik transport. Mellom anna kjem det fram at kortare varigheit på stenging (inntil tre dagar) tilseier at det ikkje er behov for ekstraordinær transport med mindre det er særlege grunnar for slik transport. Avklaring av båtmateriell og ruteopplegg skal skje i løpet av byrjinga av ein stengingsperiode, og ekstrakostnader i samband med transport skal avklarast før transporten blir sett i verk. Det går også fram at mellom anna alternative omkjøringsmoglegheiter, tal innbyggjarar som er råka, samt reisebehov knytt til skuleskyss, arbeidsreiser, pleietrengande og næringsliv er moment som skal vurderast ved oppretting av alternativ transport. Dersom stenginga råkar eit område som ikkje har omkjøringsmoglegheiter eller får svært lang omkjøring går det fram av beredskapsplanen at det bør etablerast minst ein båtskyss tur/retur innan påfølgjande dag.

Situasjonar der fylkeskommunen må finne alternative transportløysingar hender fleire gonger i året.. I intervju blir det gjeve fleire døme på korleis samferdsleavdelinga arbeider med denne typen hendingar, og det blir påpeikt at ein ofte har klart å få på plass alternativ transport på eit tidleg tidspunkt, slik som til dømes då vegen til Laukeland i Gauldal rasa ut i 2010.

Det blir opplyst at fylkeskommunen ofte, men ikkje alltid klarer å etablere alternativ transport. Det kan skje at enkelte bygdesamfunn blir heilt isolert, til dømes under springflo, slik at dei ikkje har moglegheiter til å kome seg ut. I desse tilfella må politiet inn og vurdere alternative løysingar. Nokre av desse utfordringane, og kva bygder som vil vere særskilt råka, er skildra i fylkes-ROS.

##### **4.3.4.2 Tilgjengeleg transportmateriell**

I beredskapsplanen går det fram kontaktinformasjon til transportselskapa og det finst ei oversikt over tilgjengeleg båtmateriell. Oversikt over tilgjengeleg båtmateriell har informasjon om reiarlag/eigar, fartynamn og kontaktinformasjon. Lista er i følgje fylkeskommunen ikkje tilstrekkeleg oppdatert og fylkeskommunen er i gang med å oppdatere denne oversikta.

Det går fram i intervju at der ein har størst utfordringar knytt til å skaffe alternativ persontransport, er når det er trond for båttransport. Det er mange båtar, men det kan ta tid å få båten på rett plass. Dei fleste båtane ligg i ytre del av fylket, og det kan ta tid å få sendt dei til dei indre delar av fjordane, særleg dersom det er uvêr. Det er heller ikkje alle kaier som kan ta i mot alle typar båtar.

Fylkeskommunen har ikkje utarbeidd oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket. Fylkeskommunen opplyser at behovet vil variere frå plass til plass og hending til hending, og det kan vere vanskeleg å lage ei slik oversikt. Det er ikkje laga ei oversikt over kva båtar som vil vere aktuelle for å sendast til dei ulike delane av fylket. Det går fram av intervju at dei som arbeider med dette i fylkeskommunen kjenner godt til dei ulike båtane og kva moglegheiter ein har.

I fylkesmannen sin ROS-analyse frå 2013 («fylkes-ROS») går det fram at også kommunane sjølv har eit ansvar for å planlegge alternativ transport i samråd med fylkeskommunen:

«Det er viktig at òg dei kommunale kriseplanane tek høgde for å planlegge alternativ transport i tilfelle vegstrekninga blir stengd. Gjennom samarbeid med fylkeskommunen

og vegvesenet, bør kommunane t.d. skaffe oversyn over kva ressursar i form av passasjerbåtar som kan vere tilgjengeleg.» (s. 53)

Eit område som har vorte trekt fram, der det vil vere behov for betre kartlegging og oversyn, gjeld kva kaiar som kan nyttast i krisesituasjonar. Fylkesberedskapssjefen opplyser i intervju at det per i dag ikkje finst ei god oversikt over kaiar i fylket, og i kva grad det er mogleg å nytte dei for å til dømes setje i land og ta om bord utrykkingskøyretøy.

I handlingsplanen som blei utarbeidd i etterkant av fylkes-ROS, blei fylkeskommunen tildelt ansvar for å «lage eit samla oversyn over kaiar som kan brukast i tilfelle vegstengingar». Dette er ikkje følgt opp enno.

#### 4.3.4.3 Skuleskyss

Samferdsleavdelinga har ikkje utarbeidd spesifikke retningslinjer eller planar knytt til skuleskyss eller uttransportering av elevar, då dette blir rekna for å høyre til under kvar enkelt skule sitt ansvarsområde (jf. skildringa av beredskapsplanen i 4.3.3). Samstundes er dette ikkje eit tema som er handsama gjennomgåande i skulane sine kriseplanar. Det går fram av Samferdsleavdelinga sin beredskapsplan at «område med skuleelevar må vurderast særskilt» når fylkeskommunen skal avgjere om det skal innførast eit opplegg for ekstraordinær persontransport. Dersom det er svært høge kostnader og/eller risiko er det i følgje planen akseptabelt med inntil ei veke utan skuleskyss. Dersom det er lenger vegstenging, må eventuell innkvartering vurderast i samråd med kommunen.

#### 4.3.4.4 Samarbeid med andre

I intervju blir det forklart at ansvarsforhold både internt i fylkeskommunen og eksternt overfor Statens vegvesen og andre aktørar, fungerer godt. Fylkesberedskapsrådet og Helse Førde kontaktar fylkeskommunen når dei har behov for hjelp knytt til ekstraordinær persontransport.

Fylkeskommunen oppgjør også at det er eit godt samarbeid med transportselskapa, men det er ikkje etablert noko formalisert samarbeid knytt til tryggleik og beredskap. Det finn stad årlege kontaktmøte mellom fylkeskommunen og transportselskapa, men i desse møta er ikkje beredskap eit sentralt tema.

Fylkeskommunen har i liten grad samarbeid med nabofylke knytt til tryggleik og beredskap på samferdsleområdet. Fylkeskommunen har vurdert det slik at ein i hovudsak må rekne med å dekkje transportbehovet med materiell som er tilgjengeleg i fylket. Det er ikkje utarbeidd planar for å hente inn transport frå nabofylke. Når det er spesielt ekstreme værforhold kan det vere vanskeleg å få transportmiddel fram frå andre fylke.

### 4.3.5 Samhandling med Statens vegvesen

#### 4.3.5.1 Kriseberedskapen i Statens vegvesen

Statens vegvesen (SVV) har ein eigen kriseplan for vegavdeling Sogn og Fjordane, bygd på Statens vegvesen sin kriseplanmal. Kriseplanen inneholder prosedyrar for varsling og etablering av kriseleiing. Det går fram av planen at vegavdeling Sogn og Fjordane har eit sjølvstendig ansvar for kriehandtering innan eige ansvarsområde. Ei hending vil anten bli følgt opp av den ordinære linjeleiinga, av ein krisestab ved vegavdelinga eller av krisestaben i region Vest. Det går fram av planen at det skal opprettast krisestab når den ordinære organisasjonen ikkje kan eller bør takle situasjonen som har oppstått. Regionvegsjefen avgjer i samråd med avdelingsdirektøren om, når og korleis krisestab skal mobilierast.

Krisestab blir etablert ved hovudkontoret for vegavdelinga på Leikanger, men ved særskilte situasjonar der straum og/eller kommunikasjon er utilgjengeleg opnar kriseplanen for at

krisestaben blir vurdert flytta til Førde eller Nordfjordeid. I krieseleinga er det ein utpeikt krieseleiar som leiar handteringa og ressursdisponeringa på vegner av linjeleiinga.

I SVV er det totalt ca. 20 personar som inngår i krisestaben, slik at ein kan ha døgnkontinuerleg bemanning.

Det er tre hovudkomponentar i vegberedskapen:

- Entreprenørane (døgnkontinuerleg vakt)
- Byggherreberedskap (vegavdelinga døgnkontinuerleg)
- VTS – overvaking (døgnkontinuerleg)

Avdelingsdirektør i Statens vegvesen forklarer at entreprenørane, som vil ha den direkte handteringa av mange situasjonar på vegnettet, er svært flinke til å mobilisere dersom det oppstår akutte situasjonar.

Fylkesmannen har eit register med nummer til kommunar og naudetatar mv. som er gjort tilgjengeleg for beredskapsorganisasjon og krisestab i Statens vegvesen.

Krisesituasjonar eller hendingar som har potensial til å utvikle seg til kriser skal vurderast i høve til risiko. I krieseplanen er det utarbeidd ei matrise som syner kva konsekvensar som ein skal legge til grunn i vurderinga av om krisestab skal opprettast. Dette omfattar mellom anna situasjonar der eige eller innleigd personell dør, situasjonar der ein veg blir stengd i lengre periodar (dagar) og situasjonar der ein har vesentlege økonomiske tap. Det blir understreka i krieseplanen at det sentrale i vurderinga er om ei hending kan føre til ein situasjon som ikkje kan handterast utan samordna innsats på tvers av organisasjonsstrukturen og/eller ekstraordinære ressursar.

I 2013 har det vorte sett krisestab i Statens vegvesen tre gonger i samband med hendingar i fylket; brann i Gudvangatunnelen, uvêret Hilde og bussulukke i Fardal. Ved dei to første hendingane blei det sett krisestab i vegavdelinga, medan det var regional krisestab ved bussulukka i Fardal. Regionnivået var i observasjonsfase<sup>11</sup> i samband med brannen i Gudvangatunnelen.

#### 4.3.5.2 Samarbeid om det førebyggande tryggleiksarbeidet

Både Statens vegvesen og fylkeskommunen opplever at samarbeidet mellom dei to verksemndene knytt til krise- og beredskapsarbeidet fungerer bra.

Fylkeskommunen har ei rolle i å avklare ambisjonsnivå som grunnlag for drift av vegnettet, og som igjen legg føringer for kva slags krise- og beredskapssituasjonar som vil kunne oppstå på vegnettet. Når det blir utlyst nye driftskontraktar, legg Statens vegvesen dette fram for fylkeskommunen. Dette gjeld t.d. krav til inspeksjonar, vasking, snøbøyting mv. Krava som er sett i kontraktane blir lagt fram for hovudutval for samferdsle, og konkurransen blir basert på hovudutvalet si avgjerd.

Vegvesenet diskuterer også andre forhold som har betydning for risikoen på vegnettet med fylkeskommunen, dette gjeld mellom anna opning av høgfjellsovergangar. I «fylkes-ROS» går det vidare fram at Statens vegvesen alltid diskuterer såkalla «føre-var»-stenging på fylkesveg (stenging ved til dømes mykje varsla nedbør) med fylkeskommunen som vegeigar, og som ansvarleg for eventuell alternativ transport.

---

<sup>11</sup> I ein «faresituasjon» skal begrensa tiltak som sikrar ein god «observasjonsfase» setjast i verk (jf. krieseplanen i SVV). Dette kan til dømes vere systematisk overvaking, loggføring og rapportering til leiinga. Oppretting av slik observasjonsfase skal loggførast.

#### **4.3.5.3 Samarbeid i samband med krisesituasjoner**

Vanleg varslingsrekkefølgje er at vegvesenet varslar samferdsleavdelinga dersom det oppstår hendingar som krev at fylkeskommunen blir kopla inn.

Når ein set kriestab hjå Statens vegvesen blir alltid fylkeskommunen orientert, og det er løpende kontakt mellom dei to. Viktige tema/avklaringar mellom fylkeskommunen og vegvesenet er:

1. Vegvesenet orienterer samferdsleavdelinga når det er hendingar på vegnettet.
2. Vegvesenet orienterer/gjer avklaringar av økonomiske føresetnader dersom eit tiltak (t.d. rydding av veg) har store konsekvensar.
3. Fylkeskommunen har ansvar for å setje opp alternativ transport ved vegstenging.

Så snart det er ei hending på ein av vegane gjev Statens vegvesen beredskapsansvarleg og samferdsledirektøren SMS-melding på telefon om dette. Det er ikkje nokon fastlagt rutine for å bekrefte at ein har fått slike meldingar, men viss det er tiltak som skal følgjast opp vil Samferdsleavdelinga sende stadfesting på at meldinga er motteken. I intervju går det fram at dei ansvarlege i fylkeskommunen sørger for å alltid vere tilgjengelege på telefon, sjølv om dette ikkje er eit formelt krav, slik at ein skal sikre at fylkeskommunen får meldingar dersom det oppstår ei krise.

I intervju blir det forklart at fylkeskommunen vil prøve å få etablert vaktordning knytt til samferdsleområdet, men at dette ikkje er på plass enno. Når denne vaktordninga er på plass og beredskapsplanen til samferdsleavdelinga blir godkjent skal beredskapsansvarleg kvar fredag sende informasjon til Statens vegvesen om kven som er samferdsleavdelinga sin kontaktperson for helga.

#### **4.3.6 Øvingar og opplæring**

Samferdsleavdelinga har delteke på øvinga i desember 2012, med resten av fylkeskommunen.

I tillegg har fylkeskommunen delteke på øvingane til Statens vegvesen. Statens vegvesen, vegavdelinga Sogn og Fjordane har mål om å ha øvingar to gonger i året, og når desse øvingane blir gjennomført, er fylkeskommunen med.

Fylkeskommunen si rolle her har anten vore som observatør, eller som ein del av øvinga. Øvingane har vore knytt til kriehendingar på vegnettet og samferdsleavdelinga sine oppgåver knytt til alternative transportløysingar. Det går fram i intervju at samferdsleavdelinga opplever at det er positivt å delta på øvingane, og at ein gjennom øvingane blir meir kjend med vegvesenet sin organisasjon og korleis dei jobbar i ei krise.

Det har ikkje blitt gjennomført eigne opplegg for opplæring. I følgje krieseleiar har enkelte delteke på medietreningskurs. I tillegg har krieseleiar delteke på ulike seminar.

### **4.4 Naudkommunikasjon**

Revisjonen får opplyst at utbygging av naudkommunikasjonen i fylket ikkje er fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og fylkeskommunen har ingen detaljert oversikt over status for kommunikasjonsnettet. Administrasjonen peiker likevel på at når det gjeld naudnett, telefonnett og kommunikasjon med utrykkingskøyretøy i fylket, så viser fleire uheldige hendingar at desse netta tidlegare ikkje har fungert godt nok i krisesituasjoner. Fylkeskommunen får oversikt over status for kommunikasjon/naudkommunikasjon gjennom fylkesberedskapsrådet, der det blir arbeidd for å fremje utbetringar på området.

#### 4.4.1.1 Telefonnett

I intervju går det fram at fasttelefoninettet er godt utbygd. Samstundes viser undersøkingar at bruk av fasttelefonapparat har blitt mindre både blant privatpersonar og bedrifter som i aukande grad nyttar mobiltelefonar (jf. fylkes-Ros). Mobilnettet har nokre område med dårlig dekning. Likevel er det bortfall av straum som er den viktigaste årsaka til manglande telefondekning ved t.d. uver både når det gjeld mobiltelefoni og fastnettet. I evalueringsrapporten frå Fylkesmannen etter «Dagmar» går følgjande fram:

«Den omfattande svikten i straumforsyninga var den viktigaste årsaka til at det òg vart store utfall i telenettet. Etter kvart som batteriforsyninga (back-up) svikta i basestasjonane for mobiltelefoni, fall desse ut. I Telenor sitt mobilnett var på det meste meir enn 1/3 av basestasjonane nede. Dette var stasjonar i så å seie alle kommunane. Ein stor del av basestasjonane til dei andre selskapene (TeliaSonera og ICE) hadde òg utfall.

Det var òg store utfall i fastnettet (telefoni og breiband), maritim radio, og i radionetta til politiet og helsevesenet.»

I intervju påpeiker fleire at mobiltelefonnettet ikkje er ein del av det formelle beredskapsnettet, og at det er teleselskapa som må montere stasjonar på eige initiativ. Det vil ikkje alltid vere mogleg for naudetatane å nyte mobiltelefon ved kriser, då ikkje alle område har god nok mobiltelefondekning. Kapasiteten kan bli sprengt når ein kjem fram til ulukkesstaden, og som nemnt over kan ein oppleve utfall ved lengre straumstans.

#### 4.4.1.2 Naudnett og dekning i tunnelar

Fram til i dag har kvar naudetat har hatt sitt eige analoge radiosamband med varierande dekningsgrad og radiokvalitet. I følgje Direktorat for nødkommunikasjon kan det i dette sambandet vere utfordrande å ha samtalar og koordinere innsats på tvers av etatane.

Frå 2014/15 skal det innførast digitalt naudnett (TETRA-naudnett) i Sogn og Fjordane. Dette nettet vil bli det primære kommunikasjonsnettet for naudetatatar, og etterkvart vil det også bli aktuelt at kommunal kriseleiing, fylkesmannen og eventuelt frivillige kan nyte naudnettet ved krisehendingar. Planen er at det nye kommunikasjonsnettet skal opnast 25. november 2014 i Sogn og Fjordane. Det nye naudnettet skal sikre effektiv og sikker kommunikasjon internt i naudetatane helse, politi og brann.

Direktorat for nødkommunikasjon opplyser at fordelar med det digitale naudnettet er at det vil bli eit felles nett for alle naudetatatar slik at alle kan snakke saman på same nett. Naudnettet er også avlyttingssikra og kryptert slik at naudetatatar kan kommunisere sensitive opplysningar mellom seg utan fare for å bli avlytta. Det blir også vist til at ein med digitalt naudnett vil få betre dekningsgrad. Det er eit nasjonalt mål om 100 % dekning for område der folk bur og ferda. Flatedekninga for naudnettet er på 79 % for landet. I Sogn og Fjordane skal dekninga vere på 86 %. Direktorat for nødkommunikasjon opplyser at nettet vil bli nøye testa etter at det er opna for å sikre at det har den dekninga som er lova. Det er også andre tiltak som er ein del av naudnettet og som skal sikre kommunikasjon også på område utan dekning eller dårlig dekning. Mellom anna er kvart utrykkingskjøretøy utstyrt med ein naudnett-terminal som kan brukast til å ta i mot signal og forlenge dekninga i område med dårlig dekning. I tillegg vil dei mobile naudnett radioane kunne nyttast som «walkie talkie». Det vil sei at radioane kan opprette direkte samband med kvarandre i eit lokalt avgrensa område sjølv om desse radioane ikkje har kontakt med sjølve naudnettet. Direktorat for nødkommunikasjon vil også vurdere å anskaffe mobile basestasjonar. Desse stasjonane vil ha eigen straumforsyning og vil bli utstyrt med satellittsamband slik at dei kan nyttast i område der det ikkje er eksisterande infrastruktur.

Sjølv om utbygging av naudnett generelt er eit viktig tiltak for å betre kommunikasjonen mellom naudetatane og andre som er involvert i beredskapsarbeid, blir det av fleire peikt på at

manglande naudnettdekning i fleire av tunnelane i fylket er ei utfordring. Med rundt 190 vegg tunnelar, er Sogn og Fjordane eit av dei store tunnelfylka i landet.<sup>12</sup> Det blir spesielt peika på at uthyrkingskøyretøy kan oppleve å vere utan kommunikasjon i lange tunnelar utan naudnett, telefon eller radio.

Tunnelleigar er i utgangspunktet ansvarleg for etablering av naudkommunikasjon (jf. brann og eksplosjonsvernloven § 6, jf. §14). I Naudnett-kontrakten mellom Statens vegvesen og Direktorat for nødkommunikasjon er det fastsatt ei liste med tunnelar som skal inngå i utbyggingsprosjektet. Kriteria for å etablere dekning i tunnelar som ein del av utbyggingsprosjektet var at vegg tunnelen hadde analogt samband, eller at tunnelen var over 500 meter lang og at fleire enn 5 000 kjøretøy passerte per døgn per år.

Ingen av tunnelane i Sogn og Fjordane har ein årsdøgn trafikk på 5000 bilar. Størst er trafikken i Gudvangatunnelen på E16 med noko over 2000 bilar i døgnet. Samstundes er det i alt 95 tunnelar med ei lengde over 500 meter i fylket. På fylkesvegnettet var det fire tunnelar som hadde analogt naudnett då avtalen om utbygging av digitalt naudnett blei inngått og som dermed blei innlemma i avtalen om å få digitalt naudnett. Dette gjeld følgjande tunnelar:

- Fv 55 Gullringen
- Fv 53 Naustbukttunnelen
- Fv 617 Skåretunnelen
- Fv 616 Vingetunnelen

Avtalen som ligg til grunn for utbygginga av naudnettet blei skriven i 2008, då desse fire tunnelane var riksvegar. Då forvaltningsreforma kom i 2010 overtok fylkeskommunen vegnettet med rettar og plikter, og fylkeskommunen plikta seg til å halde ved lag naudnettet i tunnelar som hadde det. I avtalen mellom Statens vegvesen og Direktoratet for nødkommunikasjon er det presisert at det er *eigar* som skal dekke alle utgifter til investering og drift i alle nye og eldre tunnelar der det ikkje tidlegare har vore installert naudkommunikasjon.

Eigaransvaret for tunnelane er i dag delt mellom staten som har ansvar for riksvegane og fylkeskommunen som har ansvar for fylkesvegane. I samband med utbygginga av naudnettet blir det naudnett i 16 riksvegtunnelar i Sogn og Fjordane, medan 22 riksvegtunnelar over 500 meter ikkje vil få naudnett. Det blir òg naudnettdekning i 4 fylkesvegtunnelar (nemnt over), medan 54 eksisterande tunnelar over 500 meter vil vere utan dekning. Utbygging av naudnett i desse 54 tunnelane er i følgje fylkeskommunen kostnadsrekna til om lag 300 mill kr.<sup>13</sup>

I Høyringsframlegget til Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 – 23, analyse- og utfordringsdel, står det at naudetatane har signalisert krav om utbygging av naudnett i alle tunnelar over 500m då dei mister sambandet med sine einingar i desse tunnelan. Vidare står det at fylkeskommunen ikkje har økonomi til å bygge ut naudnett på alle tunnelar over 500 m, og at fylkeskommunen ber Staten om å finansiere utbygginga også på fylkesvegtunnelar.<sup>14</sup>

Både fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommunen har vore engasjert i utbygginga av naudnettet i fylket, og spesielt knytt til dekninga i tunnelane. Saman har dei fleire gonger skrive brev til Justis- og beredskapsdepartementet for å synleggjere kor viktig god dekning er for tryggleiken og beredskapen på fylkesvegane, og at kravet om 5000 passeringar per årsdøgn ikkje er forsvarleg. Det blir framheva at standarden på tunnelane i fylket er svært låg og i brev datert 11.01.2013 skriv dei følgjande:

<sup>12</sup> Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Justis- og beredskapsdepartementet 11.01.2013: *Krav og forventningar i samband med utbygging av naudnett i Sogn og Fjordane*.

<sup>13</sup> Høyringsframlegget til Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 – 23. Analyse- og utfordringsdel.

<sup>14</sup> Høyringsframlegget til Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 – 23. Analyse- og utfordringsdel:  
[http://www.sj.no/cmssff/cmsmm.nsf/lupGraphics/HØYRINGSFRAMLEGG%20RTP%20ANALYSE-%20OG%20UTFORDRINGSDEL.pdf/\\$file/HØYRINGSFRAMLEGG%20RTP%20ANALYSE-%20OG%20UTFORDRINGSDEL.pdf](http://www.sj.no/cmssff/cmsmm.nsf/lupGraphics/HØYRINGSFRAMLEGG%20RTP%20ANALYSE-%20OG%20UTFORDRINGSDEL.pdf/$file/HØYRINGSFRAMLEGG%20RTP%20ANALYSE-%20OG%20UTFORDRINGSDEL.pdf)

«Vi meiner trafikktala ikkje kan vere avgjerande for om det skal installerast naudsamband eller ikkje i ein tunnel. Når ei ulukke først er ute, vil konsekvensen vere den same enten tunnelen har høg eller låg trafikk. Trafikktettleiken vil heller ikkje påverke redningsmannskapa sin trøng for å kunne kommunisere på ulukkesstaden.

Ved ulukker i tunnel er det ein innarbeidd rutine at brannvesenet skal køyre inn i tunnelen, og klargjere den før dei andre redningsmannskapa kører inn. Ambulansepersonalet har instruks på at dei ikkje skal køyre inn i ein stengt tunnel før denne er sjekka ut av brannvesenet. Det vil vere vanskeleg å praktisere ein slik rutine dersom det ikkje er samband i tunnelen.»

Revisjonen har fått opplyst at det også vil bli installert naudnett i Høyanger tunnelen dersom fylkestinget løyver pengar til dette. I tillegg får revisjonen opplyst av Statens Vegvesen at fleire nye tunnalar vil få digitalt naudnett etter kvart. Desse tunnelane vil i følgje Statens Vegvesen truleg få naudnett i neste utrulling av naudnett utan vesentlege ekstrakostnader for fylkeskommunen:

- Fv. 609 Nishammar (opna desember 2013)
- Fv. 609 Otterstein (opna desember 2013)
- Fv. 337 Dalsfjord (opna desember 2013)
- Fv60 Agjel (opnar juni 2014)

I tillegg opplyser Statens Vegvesen at Fv. 337 Bjødnabakktunnelen er under planlegging og bygging vil starte i år. Truleg vil tunnelen opna i 2015 og vil då få digitalt naudnett. Dette er inkludert i kostnadsoverslaget for prosjektet.

Inntil det digitale naudnettet er oppe og går vil det analoge (VHF) fungere i tunnelane nemnt over.

I intervju blir det peikt på at det sikraste kommunikasjonsmiddelet i tunnelane er naudtelefonar. Naudtelefonar blir installert i alle nye tunnelar over 500 meter. Viss ein tar av ein naudtelefon kjem ein direkte til alarmsentralen i Florø. Det er generelt tilråda at naudtelefonar blir nytta framfor mobiltelefonar ved varsling om hendingar i tunnel ettersom alarmsentralen då vil sjå kva tunnel meldinga kjem frå.

I tillegg til utfordringa med manglende dekning i tunnelar, har også mellom andre fylkesmannen i Sogn og Fjordane peikt på at det er ei utfordring knytt til straumforsyninga for basestasjonane til naudnettet. 15 % av basestasjonane vil få naudstraumforsyning som vil kunne vare i 48 timer, medan resten av basestasjonane berre har batteri med 8 timars drift ved bortfall av straumforsyninga.

I intervju er det fleire som kommenterer at det også er andre viktige tema knytt til beredskap og tryggleik i tunnelane enn det som gjeld naudkommunikasjon. Dette gjeld mellom anna lys, naudtelefonar, lysregulering, kameraovervakning, avkjøringsnisjer, tryggleiksutstyr, FM-radio og generelt vedlikehald. Direktorat for nødkommunikasjon opplyser om at for mange av dei eldre tunnelane skal kunne få installert naudnett, er det naudsint med vesentleg oppgradering og vedlikehald av tunnelane.

# 5. Vurdering

## 5.1 Har fylkeskommune system og rutinar for å sikre at beredskapsarbeidet blir følgt opp i samsvar med regelverk og overordna retningslinjer?

Revisjonen meiner at fylkeskommunen i for liten grad har etablert eit overordna system som sikrar betryggande kontroll for at tryggleiks- og beredskapsområdet er tilstrekkeleg ivaretatt, i samsvar med krava om internkontroll i kommunelova § 23. Revisjonen viser til at ROS-analysen ikkje har vore oppdatert sidan 2007, kritiske risikoar i analysen er ikkje følgt opp i tilstrekkeleg grad, og krise/beredskapsplanen til fylkeskommunen er i liten grad tilpassa dei risikoane som er identifisert. Den overordna kriseplanen er ikkje fullstendig og manglar del 2, samtidig manglar det til dømes informasjon om samarbeidspartar, krav til verksemdene i fylkeskommunen, og det er ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for evaluering av øvingar eller hendingar som fylkeskommunen må handtere.

Revisjonen meiner vidare at fylkeskommunen i for liten grad har gjeve formelle føringar for korleis verksemdene som fylkeskommunen har ansvar for skal arbeide med tryggleik og beredskap. Det er ikkje etablert tydelege rutinar for korleis fylkeskommunen skal ivareta krav til tryggleik og beredskap innan til dømes opplæringsområdet, tannhelse, samferdsle, kulturminnevern og liknande. Innanfor både opplæring og spesielt innan samferdsle er det gjort viktig arbeid knytt til tryggleik og beredskap, men dette er i liten grad formalisert på overordna nivå i fylkeskommunen. For at fylkeskommunen skal følgje opp tryggleiks- og beredskapsområdet på ein tilfredsstillande måte, meiner revisjonen at dette arbeidet må dette integrerast i fylkeskommunen sitt styringssystem og system for internkontroll. Fylkeskommunen må sikre at ein har naudsynte system, rutinar og retningslinjer for korleis dette arbeidet skal utførast i fylkeskommune og for korleis det skal følgjast opp av leiinga.

Revisjonen meiner det er positiv at fylkeskommunen planlegg å gjennomføre ein ny ROS-analyse i 2014, og arrangere ei samling med lærarar og gjennomføre ei øving i starten av 2014. Samtidig vil revisjonen presisere at det er viktig å sikre ei systematisk og formalisert tilnærming til tryggleik og beredskap som famnar om alle verksemdene i fylkeskommunen.

## 5.2 Korleis har fylkeskommunen organisert sitt arbeid med tryggleik og beredskap?

### 5.2.1 Kva rolle har fylkeskommunen knytt til tryggleik og beredskap i fylket ved større kriser, som til dømes ekstremver, større ulykker osv.?

Det er kommunane som har hovudansvaret for beredskapsarbeidet i eigen kommune, medan Fylkesmannen har ansvar for å koordinere kriseberedskapen i fylket. Dette er definert i Sivilbeskyttelsesloven. Samtidig blir det presisert mellom anna i St. meld.22 (2007-2008), St.meld. nr. 17 (2001-2002) og Meld. St. 29 (2011–2012) at alle nivå i forvaltinga har eit ansvar for ivareta samfunnstryggleiken. Arbeidet med samfunnstryggleik skal ta utgangspunkt i følgjande prinsipp: *ansvar, nærliek, likskap og samvirke*. Fylkeskommunen har difor eit ansvar for tryggleik og beredskap knytt til dei fylkeskommunale verksemdene eller tenestene slik som samferdsle, tannhelse, vidaregående opplæring, kulturminnevern, regional planlegging m.m.

Revisjonen meiner at rolla til fylkeskommunen og kva ansvar fylkeskommunen har for tryggleik og beredskap innan dei ulike tenesteområda ikkje er tydeleg formidla i kriseplanen til fylkeskommunen, eller i andre tilsvarende dokument. Kriseplanen omhandlar i hovudsak den overordna kriseleiinga og organisering av denne. Revisjonen meiner at fylkeskommunen med fordel kan vere enda tydelegare på si rolle og sine ansvarsområde knytt til tryggleik og beredskap, for å sikre at alle tilsette og alle tenesteområde i fylkeskommunen er kjent med kva ansvar fylkeskommunen har og kva som er venta av dei ulike verksemndene. Revisjonen meiner at det er naturleg at dette blir formidla i fylkeskommunen sin overordna kriseplan eller i andre tilsvarende styrande dokument.

### **5.2.2 Korleis har fylkeskommunen organisert beredskapsarbeidet?**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har skildra organiseringa ved ei krise i dokumentet «Kriseorganisasjon» som er første del av det som skal vere den samla kriseplanen for fylkeskommunen. Prinsippet som blir lagt til grunn for kriseorganisaseringa er at kriehandteringa følgjer linjeansvaret i organisasjonen, og at oppgåvene skal løysast på lågast moglege nivå i fylkeskommunen. Den øvste kriseleiinga i fylkeskommunen trer i kraft når krisa er så omfattande at den einskilde avdelinga eller den einskilde institusjonen ikkje kan handtere den på eiga hand, eller krisa omfattar fleire delar av organisasjonen. I kriseplanen går det fram at kriseleiinga i fylkeskommunen automatisk vil tre i kraft dersom fylkesbereskapsrådet blir aktivert. Revisjonen vi påpeike at dette likevel ikkje var tilfelle då fylkesbereskapsrådet blei aktivert ved uveret Hilde i 2013 og ved brannen i Lærdal i 2014. Revisjonen meiner at dersom det ikkje er slik at det i praksis er ein automatikk i dette, bør skildringa av kva tid kriseleiinga trer i kraft endrast i kriseplanen.

Fylkesrådmannen har ansvaret for overordna leiing, vedtak om iverksetjing av kriseleiing og skal ha kontakt med media. Fylkesrådmannen vil varsle fylkeskommunen sin kriseleiar som har ansvar for operativ handtering av krisa. Kriseleiar er per i dag nestleiar i samferdsleavdelinga. I tillegg til kriseleiar er det også definert kven som skal vere operativ medarbeidar, informasjonsmedarbeidar, personell- og pårørandekontakt, loggførar og driftskoordinator som inngår i kriseorganisasjonen. Desse vil kallast inn av kriseleiar ved behov. I tillegg er det definert kven som skal vere avløysar for kvar av funksjonane.

Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen har utarbeidd ei oversikt over kva som inngår i den overordna kriseorganisasjonen og kven som utgjer kriseleiinga. Revisjonen har fått opplyst at fylkesordførar vil ha ein viktig rolle med omsyn til informasjon til media ved ei hending. Dette går ikkje fram av kriseplanen og kan med fordel inkluderast. Revisjonen merkar seg også at fylkesrådmannen ikkje er den operative leiar av kriseorganisasjonen og har ein noko meir «tilbaketrekt» rolle. Revisjonen vil presisere at ei slik arbeidsdeling krev at ein er særskilt tydeleg på kva som ligg til fylkesrådmannen sitt ansvar og kva som ligg til operativ kriseleiar i ein krisesituasjon. Revisjonen har fått tilsendt ei eiga oversikt over dei ulike rollene i kriseleiinga der det er stikkordsmessig vist til kva oppgåver som ligg til kva roller. Revisjonen meiner at det er viktig at det er tydeleg kva som ligg til dei ulike rollene, og at dette med fordel kan gjerast endå klårare enn det som er skildra i oversikta. Det er også viktig at dei einskilde medarbeidarane får naudsynt opplæring og øving i forhold til dei rollene dei er gjeve.

Revisjonen meiner vidare at dokumentet om kriseorganisasjonen i endå større grad kunne ha skildra korleis verksemndene i fylkeskommunen skal organisere krisearbeidet og kva krav fylkeskommunen har til utarbeiding av beredskapsplanar og rutinar i verksemndene.

I dokumentet om kriseorganisasjonen blir det ikkje skildra kven som er sentrale samarbeidspartar utanfor fylkeskommunen i ei krise, og kven ein eventuelt skal varsle blant

samarbeidspartnarane i ulike situasjonar. Dette meiner revisjonen fylkeskommunen med fordel kan inkludere i kriseplanen.

### **5.2.3 Har fylkeskommunen gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyser knytt til fylkeskommunen sine ansvarsområde og teke omsyn til dette i regionale planar og verksemndplanar?**

Fylkeskommunen gjennomførte i 2007 ein overordna risikoanalyse som omfatta heile organisasjonen. Risikoanalysen peikar på fleire utfordringsområde innanfor fylkeskommunen sine tenesteområde, og det var planlagt at arbeidet skulle følgjast opp med konkrete handlingsplanar. Undersøkinga viser at dette arbeidet ikkje har blitt følgt opp som planlagt i etterkant, og det har ikkje blitt utarbeidd planar for alle dei områda som blei peikt på som «raude» i analysen. Revisjonen meiner dette ikkje er i samsvar med kravet om god internkontroll og krav til å ivareta samfunnstryggleiken også på fylkeskommunalt nivå. Manglande oppfølging av identifiserte risikoområde kan føre til at ein ikkje i tilstrekkeleg grad får iverksatt førebyggjande tiltak og utarbeidd eit planverk som kan medverke til god handtering av identifiserte kritiske hendingar. Fylkeskommunen har informert revisjonen om at det vil settast i gang eit arbeid med ny risikoanalyse for fylkeskommunen som skal ferdigstillast innan 01.05.2014. Revisjonen meiner dette er eit viktig tiltak, og vil understreke at fylkeskommunen må sørge for at analysen blir følgt opp med naudsynte handlingsplanar og tiltak for dei risikoane som blir identifisert.

Fylkeskommunen har ikkje i den overordna kriseplanen eller i andre styrande dokument gjeve signal om at verksemndene i fylkeskommunen skal gjennomføre risikoanalyser for sine område og at dette skal leggjast til grunn for t.d. verksemndplanane og andre planar. Verksemndene i fylkeskommunen har i liten grad utarbeidd eigne risikoanalysar, sjølv om nokre har utarbeidd eigne beredskapsplanar (t.d. skulane og samferdsleavdelinga). Revisjonen vil understreke at alle verksemndene bør bli involvert i det planlagde arbeidet med ei ny risikoanalyse. Vidare meiner revisjonen at det bør utarbeidast ei rutine for kor ofte og korleis slike risikoanalysar skal gjennomførast. Dette kan inngå som ein del av fylkeskommunen sin kriseplan eller liknande dokument som skildrar fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap.

### **5.2.4 Har fylkeskommunen utarbeidd beredskapsplanar og gjort desse kjent i organisasjonen?**

Fylkeskommunen har starta arbeidet med ein overordna kriseplan. I følgje kriseplanen skal den vere samansett av tre delar; Kriseorganisasjon og opplegg for varsling (del 1), konkrete handlingsplanar for kriseleiinga og institusjonane (del 2), og Risiko- og sårbarheitsanalyse (del 3).

Del ein av kriseplanen er ferdig og gjort tilgjengeleg på intranett i fylkeskommunen. Del tre er risikoanalysen som blei utarbeidd i 2007. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan for den sentrale kriseleiinga og institusjonane (del 2). Revisjonen meiner fylkeskommunen bør ferdigstille overordna kriseplan med handlingsplan for den sentrale kriseleiinga og institusjonane. Revisjonen meiner at dette vil vere ei naturleg oppfølging av risikoanalysen som fylkeskommunen skal gjennomføre i 2014.

Kriseplanen er ikkje handsama av politisk nivå i fylkeskommunen. Revisjonen meiner at arbeidet med tryggleik og beredskap er ei vesentleg og overgripande oppgåve for fylkeskommunen og at fylkesrådmannen difor bør vurdere om planen og eventuelt ROS-analysen, skal bli lagt fram for polisk handsaming, for å sikre at arbeidet med tryggleik og beredskap er forankra i både på politisk og administrativt nivå i fylkeskommunen.

Når det gjeld kriseplanar for institusjonane/verksemndene i fylkeskommunen er det utarbeidd krise/beredskapsplan for IKT og eigne beredskapsplanar for kvar enkelt av dei vidaregåande skulane og samferdsleavdelinga. Det er ikkje utarbeidd beredskapsplanar for andre einingar/område (som t.d. kulturminnevern, tannhelse, regional planlegging). Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør utarbeide risikoanalysar og beredskapsplanar for kvar at dei sentrale verksemndene/tenesteområda som fylkeskommune har ansvar for. Som nemnt over vil det vere naturleg at tenesteområda blir involvert i risikoanalysen som skal gjennomførast i 2014. Revisjonen meiner at det bør utarbeidast eit felles sett med retningslinjer for korleis beredskapsplanane skal utformast, kor ofte dei skal reviderast og korleis dei skal gjerast kjent blant dei tilsette, slik at ein etablerer ein sams praksis på tvers av områda i fylkeskommunen.

### **5.2.5 I kva grad blir det gjennomført naudsynt opplæring og øvingar knytt til beredskapsarbeid?**

Det går fram av skildringa av kriseorganiseringa at fylkeskommunen skal ha minst ei øving for året, leia av fylkesrådmannen. Kriseorganisering skal også vere eit tema i leiargruppa kvart år. Undersøkinga viser at det har vore gjennomført årlege øvingar på overordna nivå sidan kriseplanen blei vedtatt i 2012, og kriseorganisering var eit tema i leiargruppa i desember 2012. Fylkeskommunen deltek også i øvingar som fylkesberedskapsrådet og Statens vegvesen set i verk.

Det har ikkje vore gjeve føringar frå sentralt hald i fylkeskommunen om at det skal vere tilsvarende årlege øvingar eller tema ved dei ulike verksemndene i fylkeskommunen. Revisjonen meiner at det er viktig at alle verksemndene i fylkeskommunen har eit aktivt forhold til kva risikoar verksemndene kan bli utsett for, og at ein øver med jamne mellomrom på handtering av desse hendingane. Fylkeskommunen bør utarbeide retningslinjer for kor ofte slike øvingar skal finne stad.

Verken i kriseplanen eller i andre styrande dokument går det fram tydelege krav til eller rutinar for evaluering av gjennomførte øvingar. Revisjonen har fått opplyst at fylkeskommunen etter øvinga i desember 2012 gjennomførte ei oppsummering, men at det ikkje blei utarbeidd ein skriftleg rapport. Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør gjennomføre skriftlege evalueringar av øvingar og eventuelle hendingar slik at ein sikrar læring og forbetring i beredskapsarbeidet. Krav til dette bør gå fram av kriseplanen eller andre styrande dokument for området.

Det er ikkje sett krav til opplæring av kriseleiinga/kriseorganisasjonen utover deltaking i dei overordna øvingane. Revisjonen får opplyst at kriseleiari har fått noko opplæring, men revisjonen meiner at fylkeskommunen bør vurdere om det kan vere behov for at sentrale funksjonar i kriseleiinga og i verksemndene bør få særskilt opplæring, og at det blir lagt ein plan for dette.

### **5.2.6 Er det etablert tenlege varslingssystem ved kriser?**

Revisjonen får opplyst at fylkeskommunen ikkje har tatt endeleg stilling til om den skal kjøpe inn krisehandteringsverktøyet Crisis Issue Management (CIM). Dette er eit system som alle kommunar i fylket har tatt i bruk, samt fleire andre samarbeidspartar, slik som fylkesmannen. Systemet legg til rette for å sende og motta meldingar, og å registrere og sjå loggar ved ei krisehandtering. Revisjonen meiner at fylkeskommunen må sikre at ein har tenlege varslingssystem, kommunikasjonsrutinar med samarbeidspartar og gode loggføringsrutinar uavhengig av kva system ein legg til grunn. Det går fram av kriseplanen at fylkeskommunen har utpeika ein medarbeidar med ei definert rolle som loggførar ved ei krise, og at vedkomande som har denne rolla, har ansvar for å loggføre all informasjon inn og ut av kriserommet og anna informasjon frå kriseleiinga. Revisjonen vil samtidig peike på at det ikkje er skildra nærmare korleis meldingar skal loggførast og korleis meldingane skal arkiverast. Det går heller ikkje fram

om det er utarbeidd ei predefinert liste for varsling av sentrale personar. Revisjonen meiner at ei skildring av varslingsrutinane og korleis loggføringa skal utførast er viktig for å sikre tydeleg kommunikasjon og for å sikre at alle meldingar blir registrert.

**5.2.7 I kva grad har fylkeskommunen etablert eit tilfredsstillande samarbeid med aktuelle aktørar innanfor beredskapsarbeidet, som t.d. Statens vegvesen, Fylkesmannen, helseføretaket, politi, kommunane eller andre?**

Undersøkinga viser at fylkeskommunen samhandlar med fleire aktørar i samband med samfunnstryggleik og beredskap. Dette gjeld spesielt fylkesmannen. Vidare deltek fylkeskommunen i fylkesberedskapsrådet der fylkesmannen og andre etatar som er sentrale i beredskapsarbeidet i fylket deltek. Det er Fylkesmannen som leiar rådet. Vidare har fylkeskommunen utstrakt samarbeid med Statens Vegvesen. Revisjonen oppfattar at samarbeidet mellom dei ulike aktørane er tilfredsstillande og at fylkesberedskapsrådet i stor grad ivaretar behovet for samordning. Revisjonen vil som nemnt over peike på at fylkeskommunen med fordel kan vise til kven som vil vere sentrale samarbeidspartar i ei krise i fylkeskommunen sin kriseplan.

**5.2.8 I kva grad har fylkeskommunen rutine for å evaluere fylkeskommunen si handtering av hendingar og sette i verk naudsynte tiltak i etterkant? (som til dømes ved ekstremværet Dagmar).**

Rutine for evaluering av eventuelle hendingar går ikkje fram av fylkeskommunen sin kriseplan eller andre sentrale dokument på området.. Ved til dømes ekstremværet Dagmar var det fleire etatar slik som t.d. fylkesmannen som gjennomførte ei evaluering av handteringen. Fylkeskommunen gjennomførte ikkje ei skriftleg evaluering, men hadde ein munnleg diskusjon om dette i leiargruppa som førte til at ein sette i verk fleire viktige tiltak. Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen følgde opp hendinga med å sette i verk tiltak som kan betre handteringen om ei liknande hending skulle skje igjen. Revisjonen meiner likevel at fylkeskommunen med fordel kan etablere ei rutine for å skriftleg evaluere alle hendingar for å sikre at ein tek lærdom av hendinga og at ein får sett i verk naudsynte tiltak i framtida.

### 5.3 Korleis er beredskapsarbeidet for dei vidaregåande skulane ivareteke av fylkeskommunen?

**5.3.1 I kva grad er det etablert ein beredskapsorganisasjon for dei vidaregåande skulane?**

Det er ikkje etablert ein eigen overordna beredskapsorganisasjon for dei vidaregåande skulane. Dei einiske skulane er ansvarleg for å handtere hendingar på verksemndnivå, men vil melde om hendingar til fylkesdirektør som kan støtte den aktuelle skulen med krisehandteringen. I den overordna skildringa av kriseorganisasjonen går det fram at dersom det er ei krise av større omfang vil kriseleiing på øvste nivå i fylkeskommunen bli sett i verk. Revisjonen får også opplyst at det er naturleg at skulane samhandlar med kommunen skulen er lokalisiert i ved ei eventuell hending. Revisjonen meiner at fylkeskommunen i større grad enn i dag kunne ha skildra korleis ansvaret er fordelt og kva som er venta av skulane si krisehandtering ved ei eventuell krise. Revisjonen meiner at fylkeskommunen burde ha gjeve tydelegare retningslinjer knytt til beredskapsarbeidet i skulane for å sikre ein sams praksis på tvers av dei einiske skulane.

### **5.3.2 I kva grad er det gjennomført ein ROS-analyse som har sett på risiko og sårbarheit for dei vidaregåande skulane?**

Både Kunnskapsdepartementet (2008 og 2011) og Utdanningsdirektoratet (2013) har fleire gonger understreka viktigheita av at fylkeskommunane gjennomfører ROS-analysar for utdanningsinstitusjonane og at desse jamleg blir oppdatert (minst anna kvart år). Det blir også peika på at ROS-analysar må følgjast opp med konkrete tiltak og oppfølgingsplanar.

Fylkeskommunen sin ROS-analyse frå 2007 omhandla også opplæringsområdet i fylkeskommunen, og det blei identifisert fleire moglege kritiske hendingar. Undersøkinga viser at denne analysen ikkje er følgt opp i tilstrekkeleg grad med handlingsplanar for dei identifiserte risikoområda. Skulane har utarbeidd lokale krise- eller beredskapsplanar for dei einskilde skulane (nokre før og ein del etter ROS-analsesen), men desse adresserer berre i varierande grad dei rauda hendingane. Revisjonen meiner det er uheldig at det ikkje har blitt gjennomført nyare ROS-analysar og at fylkeskommunen ikkje har gjeve tydelege retningslinjer knytt til gjennomføring av ROS-analysar og stilt krav til oppfølging av desse på skulane.

### **5.3.3 I kva grad har fylkeskommunen eller dei einskilde skulane utarbeidd beredskapsplanar, rutinar og prosedyrar for beredskapsarbeid og krisehandtering for dei vidaregåande skulane?**

Kunnskapsdepartementet presiserer at alle verksemder i kunnskapssektoren må utarbeide krise- og bereskapsplanar.<sup>15</sup> I fylkeskommunen utarbeidde kvar skule sin eigen beredskapsplan i 2006. Det var ikkje ein felles mal eller andre føringer som blei lagt til grunn for arbeidet, og det er til dels store variasjonar mellom planane kva gjeld tittel, utforming, innhald, omfang og i kva grad dei har blitt oppdaterte etter 2006. Det er ikkje sett krav frå sentralt hald om tidspunkt for evaluering og revisjon av planane. Revisjonen meiner at fylkeskommunen må stille krav til at alle verksemder, og skulane spesielt, har oppdaterte krise- og beredskapsplanar. Fylkeskommunen bør etter revisjonen si meining utarbeide ein mal med nokre retningslinjer for korleis dette arbeidet skal gjerast og kva som må inkluderast i planane for å sikre at det er ei sams oppfatning om kva som er skulane sitt ansvar for tryggleik og beredskap dersom det skulle oppstå ei hending. Det må også sikrast samsvar mellom dei lokale planane og den overordna kriseplanen til fylkeskommunen. Både Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har kome med rettleiing i forhold til kva slike planar bør omfatte.

### **5.3.4 I kva grad har elevar og tilsette fått tilstrekkeleg opplæring og gjennomført øvingar knytt til etablerte planar og prosedyrar for bereskaps- og krisehandtering?**

Fylkeskommunen sentralt har ikkje stilt krav til opplæring og/eller øvingar knytt til krise og beredskap ved skulane. Det har ikkje vore noko særskilt oppfølging av om rektorane følgjer opp dei kriseplanane dei har utarbeidd t.d. gjennom opplæring og øvingar. Revisjonen får opplyst at fleire av skulane har gjennomført krisøving i samarbeid med lokalt politi, hjelpekorps og helseteneste. Skulane gjennomfører også eigne brannøvingar i samarbeid med lokalt brannvern. Vidare har revisjonen fått opplyst at alle rektorane har fått medietreningskurs. Samtidig opplyser 10 av 15 skular i spørjeundersøkinga at det er behov for å øve meir på å handtere krisesituasjonar ved skulen. På leiargruppemøte 16.12.2013 vedtok leiargruppa at det skal gjennomførast ein temadag som skal omhandle handtering av krisesituasjonar, skyting og pågåande vald, samarbeid med politiet og helsevesenet, erfaringsutveksling vedkomande beredskapsplanlegging og øvingar. Revisjonen meiner dette er eit viktig initiativ frå fylkeskommunen, men at fylkeskommunen også må sette tydelege krav til jamlege øvingar, temadagar m.m. knytt til krisehandtering på skulane. Fylkeskommunen bør også vurdere om og eventuelt korleis elevane kan involverast i dette arbeidet. Revisjonen vil presisere at øvingar må

---

<sup>15</sup> Kunnskapsdepartementet (2011) «Styringsdokument for arbeidet med samfunnsikkerhet og beredskap i kunnskapssektoren»

evaluerast i etterkant og at kriseplanar og rutinar må oppdaterast i samsvar med forbettingsområde som blir avdekt i øvingane.

### **5.3.5 I kva grad er det etablert effektive varslingssystem og rutinar?**

Revisjonen merkar seg at det i dokumentet om den overordna krieseorganisasjonen står at varsling skal skje gjennom linjeorganisasjonen. Det går fram i intervju at det er naturleg at skulane tar kontakt med fylkesdirektør eller assisterande fylkesdirektør for opplæring for å melde frå om ei hending. I spørjeundersøkinga til dei vidaregåande skulane gjev dei fleste skulane uttrykk for at dei vil ta kontakt med opplæringsavdelinga sentralt/opplæringsdirektøren dersom det oppstår ei krise. Samtidig kjem det også fram at det for nokre skular framstår som uklart korleis skulen er forventa å samarbeide med opplæringsavdelinga/fylkeskommunen i ein krisesituasjon. Revisjonen meiner at plan for varsling, i tillegg til å inngå i den overordna planen, også bør gå fram av dei einskilde skulane sine krise- og beredskapsplanar. I planane bør det også inngå rutinar for varsling av kommunen og andre samarbeidspartar som må varslast dersom det skjer ei kritisk hending på ein vidaregåande skule.

Fylkeskommunen har ikkje sett krav til at skulane skal utarbeide ein plan for krisekommunikasjon. Revisjonen meiner at dei einskilde skulane bør utarbeide planar for kommunikasjon med pårørande, tilsette, elevar og media i samsvar med rettleiaren for beredskapsplanlegging som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

## **5.4 Korleis er beredskapsarbeidet knytt til samferdsleområdet ivaretake av fylkeskommunen?**

### **5.4.1 Kva beredskapsansvar har fylkeskommunen for dei fylkeskommunale vegane og korleis blir dette handtert i fylkeskommunen?**

Ansvaret for dei fylkeskommunale vegane er delt mellom Statens vegvesen som har ansvaret for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet, og samferdsleavdelinga som har ansvar for å gjennomføre persontransport med buss og båt. Kommunane har ansvaret for det kommunale vegnettet. Det kommunale ansvaret omfattar òg nødvendige beredskapstiltak – som t.d. å planlegge for å kunne handtere hendingar som måtte oppstå på/langs vegane i kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til samferdsleavdelinga knytt til beredskap og tryggleik, er å handtere situasjonar knytt til vegstengingar i fylket, og som ein del av dette leggje til rette for alternativ persontransport.

Revisjonen vurderer at det er lagt opp til eit tett og godt samarbeid mellom samferdsleavdelinga og Statens vegvesen og at ansvarsforholda og oppgåvedelinga mellom dei er klår og eintydig. Begge partar legg vekt på at dei har eit godt samarbeid knytt til tryggleik og beredskap på vegområdet, noko revisjonen meiner er viktig for å sikre eit best mogleg samordna bereskapsarbeid. Revisjonen meiner at fylkeskommunen si handtering av beredskapen på dei fylkeskommunale vegane er godt skildra i samferdsleavdelinga sin beredskapsplan for samferdsleområdet.

### **5.4.2 I kva grad er det gjennomført ein ROS-analyse som har sett på risiko og sårbarheit knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for veg og transportområdet?**

I 2007 var skuleskyss og persontransport blant dei områda som blei gjennomgått i ROS-analysen. Det har ikkje blitt gjennomført ny ROS-analyse på samferdsleområdet etter samferdsleavdelinga blei oppretta, eller i samband med at fylkeskommunen tok over ansvaret for store delar av riksvegnettet. Det er heller ikkje utarbeidd ein eigen ROS-analyse som grunnlag for beredskapsplanen i samferdsleavdelinga (sjå under). Revisjonen meiner det er viktig at det blir

gjennomført ROS-analysar når det skjer vesentlige endringar i organisering eller oppgåver. Revisjonen meiner vidare at beredskapsplanar bør bli utarbeidd på bakgrunn av risikoanalyesar, for å sikre at beredskapsplanane i tilstrekkeleg grad er tilpassa risikoen for at ulike situasjonar eller hendingar kan oppstå. Revisjonen meiner at fylkeskommunen må gjennomføre ein ny ROS-analyse for samferdselsområdet, og at det er naturleg at den ROS-analyesen som fylkeskommunen skal gjennomføre i 2014 også omfattar samferdsleområdet.

#### **5.4.3 I kva grad har fylkeskommunen etablert beredskapsplanar knytt til veg og transport?**

I samferdsleavdelinga blei det i 2012 utarbeidd ein eigen beredskapsplan for samferdsleområdet. Planen er ikkje endeleg godkjent av Fylkesrådmannen og dette vil skje tidleg i 2014 når oversikt over tilgjengeleg båtmateriell i planen er oppdatert. Planen blir likevel nytta av fylkeskommunen som om han er godkjent.

Revisjonen meiner at beredskapsplanen til samferdsleavdelinga inneheld viktig og god informasjon både om kva rolle avdelinga har og kva oppgåver som skal handterast, og om kven som skal varslast og informerast. Revisjonen vil samtidig peike på at det ikkje går fram av beredskapsplanen korleis ansvar for å loggføre meldingar og å dokumentere kommunikasjonen blir ivaretatt dersom ikkje den sentrale kriseleiinga er sett i verk med sin loggførar. Revisjonen meiner at dette bør gå fram av planen. Revisjonen vil også understreke at det er viktig at planen blir oppdatert slik at informasjon om tilgjengeleg båtmateriell er riktig.

Revisjonen får opplyst at dersom det til dømes oppstår ei krise på ein av dei vidaregåande skulane der det er behov for ekstraordinær elevtransport, er det kriseplanen for den aktuelle skulen som blir sett i verk. Revisjonen er ikkje kjent med at skulane har utarbeidd slike planar, og meiner basert på dette at organisering av ekstraordinær elevtransport ikkje er tilstrekkeleg handtert i fylkeskommunen sine planar.

#### **5.4.4 I kva grad har fylkeskommunen utarbeidd ei oversikt over transportberedskapsbehovet til fylket?**

I Forskrift for sivil transportberedskap går det fram at fylkeskommunen har ansvar for å avklare transportberedskapsbehov i fylket ved å avdekke kva kriser som kan utløyse eit transportbehov, kva typar transportbehov det dreier seg om og korleis organiseringa kan gjerast mest mogleg føremålstenleg. Fylkeskommunen har ikkje utarbeidd ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket i samsvar med krava i forskrifta. Fylkeskommunen opplyser at behovet vil variere frå plass til plass og hending til hending, og det kan vere vanskeleg å lage ei slik oversikt. Revisjonen meiner fylkeskommunen bør gjennomføre ei ROS-analyse som kan avdekke hendingar som kan føre til transportbehov slik at ein kan vurdere kva behov det kan dreie seg om og korleis fylkeskommunen han møte dette behovet.

Det går fram i intervju at ein har størst utfordringar knytt til å skaffe alternativ persontransport når det er behov for båttransport. Det er mange båtar i fylket, men det kan ta tid å få båten på rett plass. Det er heller ikkje alle kaier som kan ta i mot alle typar båtar. I handlingsplanen som blei utarbeidd i etterkant av fylkes-ROS, blei fylkeskommunen tildelt ansvar for å «lage eit samla oversyn over kaiar som kan brukast i tilfelle vegstengingar». Dette er ikkje følgt opp og revisjonen meiner at fylkeskommunen må lage ein plan for dette arbeidet.

#### **5.4.5 Korleis er beredskapen organisert knytt til veg og transport i fylkeskommunen?**

Som nemnt under pkt. 5.3.1 er ansvaret for dei fylkeskommunale vegane delt mellom Statens vegvesen som har ansvaret for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet, og fylkeskommunen som har ansvar for å gjennomføre persontransport med buss og båt. Kommunane har ansvaret for det kommunale vegnettet. Det kommunale ansvaret

omfattar òg nødvendige beredskapstiltak – som t. d. å planlegge for å kunne handtere hendingar som måtte oppstå på/langs vegane i kommunen. Dei viktigaste oppgåvene til samferdsleavdelinga knytt til beredskap og tryggleik, er å handtere situasjonar knytt til vegstengingar i fylket, og som ein del av dette leggje til rette for alternativ persontransport. Revisjonen meiner at fylkeskommunen si organisering av beredskapen på dei fylkeskommunale vegane er godt skildra i samferdsleavdelinga sin beredskapsplan for samferdselsområdet.

I beredskapsplanen for samferdsel går det fram kontaktinformasjon til transportselskapa og det finst ei oversikt over tilgjengeleg båtmateriell. Oversikt over tilgjengeleg båtmateriell har informasjon om reiarlag/eigar, fartynamn og kontaktinformasjon. Lista er i følgje fylkeskommunen ikkje tilstrekkeleg oppdatert og fylkeskommunen er no i gang med å oppdatere denne oversikta. Revisjonen vil understreke at det er viktig å ha oppdaterte lister slik at ein veit kven ein skal kontakte dersom det skjer ei hending.

I Forskrift for sivil transportberedskap går det fram at fylkeskommunen skal gjennomføre årlege møte med aktørar og samarbeidspartnerar som kan ha særskilte roller i den sivile transportberedskapen. Fylkeskommunen opplyser at det finn stad årlege kontaktmøte mellom fylkeskommunen og transportselskapa, men at tryggleik og beredskap ikkje er eit sentralt tema på desse møta. Revisjonen meiner at også dette temaet bør stå i fokus på møta mellom fylkeskommunen og transportselskapa, for å sikre at ein har ei sams oppfatning om korleis ein kan samarbeide for best mogleg beredskapsarbeid. Transportselskapa er viktige aktørar både med omsyn til å identifisere kritiske hendingar, og dei er avgjerande for å organisere ekstraordinær persontransport ved ei eventuell hending som krev dette.

Når det gjeld samhandling med andre aktørar enn transportselskapa får revisjonen opplyst at samhandlinga både internt i fylkeskommunen og eksternt overfor Statens vegvesen og andre aktørar, fungerer godt. Når det gjeld andre fylkeskommunar blir det vist til at fylkeskommunen i liten grad har samarbeid med nabofylke knytt til tryggleik og beredskap på samferdsleområdet. Fylkeskommunen har vurdert det slik at ein i hovudsak må rekne med å dekkje transportbehovet med materiell som er tilgjengeleg i fylket. Det er ikkje utarbeidd planar for å hente inn transport frå nabofylke. Revisjonen meiner at fylkeskommunen med fordel kan gjere ei vurdering av om det kan vere aktuelt med samarbeid med nabofylka på dette område i samband med kartlegginga av transportberedskapsbehovet for fylket (sjå pkt. 5.4.4).

#### **5.4.6 Har tilsette fått nødvendig opplæring og deltatt i beredskapsøvingar?**

Samferdsleavdelinga deltok på øvinga i desember 2012 med resten av fylkeskommunen. I tillegg har avdelinga delteke på øvingane til Statens vegvesen. Statens vegvesen, vegavdelinga Sogn og Fjordane har mål om å ha øvingar to gonger i året, og når desse øvingane blir gjennomført, er fylkeskommunen med.

Fylkeskommunen si rolle her har anten vore som observatør, eller som ein del av øvinga. Øvingane har vore knytt til krisehendingar på vegnettet og samferdsleavdelinga sine oppgåver knytt til alternative transportløysingar. Det går fram i intervju at samferdsleavdelinga opplever at det er positivt å delta på øvingane, og at ein gjennom øvingane blir meir kjend med vegvesenet sin organisasjon og korleis dei jobbar i ei krise. Revisjonen vil understreke at det er viktig at det blir gjennomført øvingar og at også samferdsleavdelinga må gjennomføre ROS-analysar som kan gje informasjon om hendingar det bør øvast spesielt på. Det er ikkje gjennomført opplæringstiltak knytt til tryggleik og beredskap utover desse øvingane. Nestleiar i samferdsleavdelinga er også utpeikt kriseleiar for fylkeskommunen og har deltatt på ulike seminar og møte knytt til beredskap. Revisjonen meiner at fylkeskommunen bør vurdere om det skal settast i verk opplæringstiltak for sentrale personar i kriseorganisasjonen både på overordna nivå og for verksemndene slik som samferdsleavdelinga.

#### **5.4.7 I kva grad er det etablert effektive varslingssystem og rutinar knytt til beredskapsarbeidet innanfor samferdsle og transport?**

Beredskapsplanen for samferdsleavdelinga skisserer varslingsrutinar internt i fylkeskommunen, mellom Statens vegvesen og Samferdsleavdelinga, og mellom samferdsleavdelinga og transportselskapa. Alle revisjonen har snakka med opplever det som tydeleg og avklara kven som skal varslast i ulike situasjonar knytt til samferdsle og transport. Samtidig blir det peika på at fylkeskommunen vil prøve å få etablert ei vaktordning knytt til samferdsleområdet, men at dette ikkje er på plass enno. Når denne vaktordninga er på plass og beredskapsplanen til samferdsleavdelinga blir godkjent, skal beredskapsansvarleg kvar fredag sende informasjon til Statens vegvesen om kven som er samferdsleavdelinga sin kontaktperson for helga for å sikre rask og effektiv kommunikasjon dersom det skulle oppstå ei hending. Revisjonen meiner at beredskapsplanen bør godkjennast og takast i bruk så snart som mogleg slik at tiltaka avdelinga har vurdert som naudsynte blir sett i verk.

### **5.5 Korleis er kommunikasjonsnettet bygd ut i Sogn og Fjordane fylke?**

#### **5.5.1 Korleis er naudnett bygd ut i Sogn og Fjordane?**

Per til i dag har kvar naudetat framleis sitt eige analoge radiosamband med varierande dekningsgrad og radiokvalitet. Med eit slikt samband kan det vere utfordrande å ha samtalar og koordinere innsats på tvers av naudetatane. Frå 2014/15 skal det innførast digitalt naudnett (TETRA-naudnett) i Sogn og Fjordane. Dette nettet vil bli det primære kommunikasjonsnettet for naudetatar, og etterkvar vil det også kunne bli aktuelt at kommunal kriseleiing, fylkesmannen og eventuelt frivillige kan nytte naudnettet ved krisehendingar. Planen er at det nye kommunikasjonsnettet skal opnast 25. november 2014 i Sogn og Fjordane, med ei flatedekning på 86 %. For område med dårlig dekning (t.d. i skogen ved ein skogbrann) vil det vere mogleg for uthyrkingskøyretøy å forsterke signala ved hjelp av naudnetterminalen i køyretøyet. Det vil også vere mogleg å nytte dei mobile radioane som walkie talkie mellom dei som er i område utan tilgang til naudnett. For å kunne nytte naudnettet i område der det ikkje er etablert fast dekning, vil det i følgje Direktorat for nødkommunikasjon også bli vurdert å kjøpe inn mobile basestasjonar. Innføring av digitalt naudnett vil etter revisjonen si vurdering medverke til ei forbetring av naudkommunikasjonen i fylket.

#### **5.5.2 Korleis er naudkommunikasjon i vegg tunnelane bygd ut?**

Naudkommunikasjon i tunnelane er i dag basert på analogt naudnett (VHF), og naudtelefonar som er plassert ut i tunnelane. I Naudnett-kontrakten mellom Statens vegvesen og Direktorat for nødkommunikasjon er det fastsatt ei liste med tunnelar som skal inngå og bli finansiert av utbyggingsprosjektet. Kriteria for å etablere dekning i tunnelar var at vegg tunnelen hadde analogt samband, eller at tunnelen var over 500 meter lang og at fleire enn 5 000 køyretøy passerte per døgn per år. Ingen av tunnelane i Sogn og Fjordane har ein årsdøgn trafikk på 5000 bilar. Samstundes er det i alt 95 tunnelar med ei lengde over 500 meter i fylket. I avtalen om utbygging av naudnett blei det inkludert utbygging av naudnettddekning i fire fylkesvegg tunnelar. Statens Vegvesen opplyser at det også vil kome naudnettddekning i ytterlegare fem tunnelar som opna i 2013 eller som er planlagt opna i 2014 og 2015. Statens vegvesen opplyser at utbygginga ikkje vil medføre vesentleg ekstrakostnad for fylkeskommunen. Samstundes vil det vere fleire eldre (om lag 50) fylkesvegg tunnelar over 500 meter som vil vere utan dekning. Finansiering av naudnett i desse tunnelane vil vere eigar sitt ansvar og i følgje fylkeskommunen er dette kostnadsrekna til om lag 300 mill. kr.<sup>16</sup> Fylkeskommunen har signalisert at den ikkje har økonomi til ei slik utbygging. Revisjonen meiner at utbygginga, eller manglande utbygging, av naudnett i tunnelar må takast omsyn til i risikovurderingane til fylkeskommunen og må leggje grunnlag for eventuelle avbøtande tiltak som fylkeskommunen må vurdere på fylkesvegane. Revisjonen vil

<sup>16</sup> Høyringsframlegget til Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 – 23. Analyse- og utfordringsdel.

også peike på at ein viktig risikofaktor knytt til tunnelane, er standarden på tunnelane. Tryggleik og beredskap i tunnelane er ikkje berre avhengig av naudnett, men også av at andre tiltak som naudtelefonar, ventilasjon, lys, vedlikehald med meir. Det er viktig at desse faktorane blir vurdert samla når ein skal gjere ei risikovurdering og vurdering av avbøtande tiltak for vegområde og tunnelane.

### **5.5.3 Korleis er telefonnettet (fasttelefon og mobiltelefon) bygd ut?**

I intervju går det fram at fasttelefoninettet er godt utbygd. Samstundes viser undersøkingar at bruk av fasttelefonapparat har blitt mindre både blant privatpersonar og bedrifter som i aukande grad nyttar mobiltelefonar (jf. fylkes-Ros). Mobilnettet har nokre område med dårlig dekning. Likevel er det bortfall av straum som er den viktigaste årsaka til manglande telefondekning ved t.d. uver både når det gjeld mobiltelefoni og fastnettet. Risikoien knytt til manglande dekning ved ei hending t.d. på grunn av straumstans gjer at ein ikkje kan satse på bruk av mobiltelefonnettet som ein sikker del av beredskapsarbeidet. Revisjonen meiner at både utbygging av digitalt naudnett og innkjøp av satellittelefonar er viktige tiltak som vil betre tryggleiken knytt til kommunikasjon ved ei krise.

### **5.5.4 Har utrykkingskøyretøy i fylket sikker kommunikasjon ved utfall av mobilnettet?**

Mobiltelefonnettet ikkje er ein del av det formelle beredskapsnettet. Fram til i dag har kvar naudetat og deira utrykkingskøyretøy hatt sitt eige analoge radiosamband med varierande dekningsgrad og radiokvalitet. Revisjonen får opplyst at utrykkingskøyretøy kan oppleve å vere utan kommunikasjon t.d. i lange tunnelar der det ikkje er naudnett, telefon eller radio. Når det blir innført digitalt naudnett (TETRA-naudnett) i Sogn og Fjordane frå 2014/2015 vil dekningsgraden generelt bli betra. Revisjonen har også fått opplyst at i tunnelar der det ikkje er naudnett vil dei mobile naudnettradionane kunne fungere som walkie talkie slik at naudetataane kan kommunisere saman utan å gå via naudnettet. Kvart utrykkingskøyretøy med naudnett terminal kan også brukast til å ta i mot signal for å forlenge dekninga dersom ein til dømes er ein plass med dårlig dekning. Revisjonen meiner at ved innføring av naudnett vil kommunikasjonen mellom naudetataane kunne skje på ein meir sikker og effektiv måte, sjølv om ikkje naudnettet vil vere tilgjengeleg alle stader.

# 6. Tilrådingar

**Revisjonen vil tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

1. Sørgjer for at tryggleik og beredskap i større grad blir integrerert i fylkeskommunen sitt styringssystem og system for internkontroll.
2. Tydeleg formidlar kva fylkeskommunen si rolle er knytt til tryggleik og bereskap, og kven som er viktige samarbeidspartar ved ei eventuell krise.
3. Innan kort tid gjennomfører risikoanalyse for fylkeskommunen, inkludert alle verksemndene, og sørger for at analysen blir følgt opp med naudsynte handlingsplanar og tiltak.
4. Ferdigstiller den overordna kriseplanen med handlingsplanar for identifiserte hendingar og vurderer om kriseplanen kan oppdaterast med meir utfyllande informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap.
5. Sikrar at skildringa i kriseplanen er i samsvar med praksis når det gjeld om kriseleiinga skal aktiviserast når fylkesberedskapsrådet blir aktivert.
6. Leggje fram kriseplan og eventuelt ROS-analysen for politisk nivå.
7. Etablerer overordna retningslinjer for korleis fylkeskommunen og verksemndene i fylkeskommunen skal arbeide med tryggleik og beredskap, herunder krav til risikoanalysar, bereskapsplanar, øvingar, evalueringar, fordeling av ansvar og oppgåver, varsling, kommunikasjon, rapportering m.m.
8. Utarbeider ei rutine for skriftleg evaluering av øvingar og eventuelle hendingar slik at ein sikrar læring og forbetring i beredskapsarbeidet.
9. Sikrar at det går klårt fram av rutinane kva oppgåver den einskilde i kriseorganisasjonen sentralt og lokalt har ansvar for ved ei krise, og korleis oppgåvene skal utførast.
10. Sikrar at fylkeskommunen og dei einskilde verksemndene har tenlege varslingssystem, plan for krisekommunikasjon og gode loggføringsrutinar uavhengig av kva system ein legg til grunn.
11. Vurderer om einskilde medarbeidarar som har viktige rollar i kriseorganisasjonen, både sentralt og lokalt i verksemndene, har behov for opplæring i forhold til dei rollene dei er gjeve.
12. Ferdigstiller og godkjenner bereskapsplan for samferdsle.
13. Utarbeider ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket, herunder eit samla oversyn over kaier som kan nyttast i tilfelle vegstengingar.
14. Setter tryggleik og beredskap som fast punkt på agendaen på dei årlege kontaktmøta mellom fylkeskommunen og transportselskapa.

# Vedlegg 1: Høyringsuttale



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Deloitte AS

Side 1 av 3

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:  
Bjørn Birger Bremer  
E-post: bjorn.birger.bremer@sfj.no  
Tlf.: 57 65 61 31

Vår ref.  
Sak nr.: 13/5630-17  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett I.nr.  
6725/14  
Dykkar ref.

Dato  
LEIKANGER, 26.02.2014

## Forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune - merknader frå fylkesrådmannen

Vi viser til høyringsutkastet som vi mottok den 06.02.14.  
Fylkesrådmannen har følgjande merknader til utkastet:

### Spesielle merknader

#### Til kap. 4.2.4, 1. avsnitt.

Dette avsnittet lyder:

*Av dei 15 skulane svarar 10 at dei har gjennomført eller delteke i øvingar knytt til tryggleik og beredskap dei siste tre åra. Det er fire skular som svarar at dei ikkje har gjennomført slike øvingar, medan ein rektor svarar at han ikkje veit.*

Vi er usikre på kva som er meint med denne formuleringa. Fylkesrådmannen ser evakuéringsøving/brannøving som eitt av dei aller viktigaste tryggleikstiltaka ved skulane. Sidan dette avsnittet kan så tvil om at slike øvingar er gjennomførde ved alle skulane, så har vi henta inn oppdaterte opplysningar frå skulane for åra 2011, 2012 og 2013, og statusen er: 11 skular har hatt 2 evakuéringsøvingar årleg. 4 skular har hatt 1 evakuéringsøving årleg.

#### Til kap. 5.2.1.

Vi er usamme i vurderingane på slutten av dette kapittelet. Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen sin rolle og ansvarsområde er tydeleg nok. Fylkeskommunen sitt ansvar er først og fremst knytt til å vere budd på uønska hendingar innan sektorane: samferdsle, vidaregående opplæring og tannhelse. Som konsekvens av dette kan tiltak 2 i kap. 6 (Tilrådingar) gå ut.

#### Til kap. 5.2.2, 3. avsnitt.

Fylkesrådmannen meiner at rollene til medlemene i kriseleiinga er godt nok definerte i skildringa av 13.12.12. Som konsekvens av dette kan tiltak 9 i kap. 6 justerast tilsvarende.

#### Til kap. 5.2.2, 5. avsnitt.

Fylkesrådmannen meiner at det er openbart kven som er sentrale samarbeidspartar utanfor fylkeskommunen ved ei krise, så det er ingen mangel av betydning at dette ikkje eg gjort i kriseplanen.

#### Til kap. 5.2.4, 3. avsnitt.



Fylkesrådmannen til legge kriseorganisasjonen fram for fylkesutvalet i møtet den  
2.4.14. Revidert risiko- og sårbarheitsanalyse vil verta lagd fram for fylkesutvalet  
4.7.14. Som konsekvens av dette kan tiltak 6 i kap. 6 gå ut.

Generell merknader

Fylkesrådmannen vurderer det slik at vi har ei organisering og ein øvingskultur som er tilstrekkeleg for være godt budd på mogelege uønska hendingar. Vi ser at vi har eit forberettingspotensiale når det gjeld: å utarbeide meir konkrete handlingsplanar for spesielle uønska hendingar, få tydelegare fram rolledelinga mellom institusjonane og sentraladministrasjonen og gjennomføre meir regelmessige øvingar på institusjonane. Dette vert drøfta på møte med rektorane og andre aktuelle leirarar 10.04.14.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at rapporten frå Deloitte påviser manglar av ein slik karakter at dei medfører at fylkeskommunen ikkje har ein kriseorganisasjon som er godt nok budd på å handtere uønska hendingar.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Bjørn Birger Bremer  
ass. fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Mottakar:  
Deloitte AS

Kopi til:  
Tore Eriksen  
Bekka Skaasheim  
Eilev Bent Rønneklev  
Eli Nes Killingrød  
Ingebjørg Erikstad  
Ingvild Ramstad  
Jan Heggheim  
Svein Arne Skuggen Hoff  
Toril Einarsen  
Velaug Mo Veum

# Vedlegg 2: Revisjonen sine kommentarar til høyringsvaret

I Fylkesrådmannen sitt høyringsvar, under merknader til kap. 4.2.4, 1. avsnitt, går det fram at dei er usikre på kva som er meint med følgjande formulering i rapporten:

*«Av dei 15 skulane svarar 10 at dei har gjennomført eller delteke i øvingar knytt til tryggleik og beredskap dei siste tre åra. Det er fire skular som svarar at dei ikkje har gjennomført slike øvingar, medan ein rektor svarar at han ikkje veit»*

Fylkesrådmannen viser til at brannøving er eitt av dei aller viktigaste tryggleikstiltaka ved skulane og har difor henta inn opplysningar som syner at skulane har gjennomført slike brannøvingar årleg.

Revisjonen er einig i at brannøvingar/evakueringsøvingar er viktige. Samstundes vil revisjonen understreke at skulane også bør gjennomføre beredskapsøvingar knytt til skulane sine beredskapsplanar, slik Utdanningsdirektoratet tilrar i sin rettleiar i beredskapsplanlegging.

Fylkesrådmannen skriv vidare i høyringssvaret, under merknader til kap. 5.2.1, at han meiner at fylkeskommunen sin rolle og ansvarsområde er tydeleg nok og presiserer at fylkeskommunen sitt ansvar først og fremst er knytt til å vere budd på uønska hendingar innan sektorane: samferdsle, vidaregåande opplæring og tannhelse. Fylkesrådmannen tilrar difor at tiltak 2 i kap. 6. går ut.

Revisjonen har valt å oppretthalde dette tiltaket ettersom vi meiner at fylkeskommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har gjort kjent og skildra kva ansvar fylkeskommunen har for tryggleik og beredskap innan dei ulike tenesteområda, og kva krav fylkeskommunen stiller til tenesteområda når det gjeld tryggleik og beredskap. Dette er ikkje tydeleg formidla i kriseplanen til fylkeskommunen, eller i andre tilsvarande dokument. Kriseplanen omhandlar i hovudsak den overordna kriseleiinga og organisering av denne. Revisjonen meiner difor at fylkeskommunen med fordel kan vere enda tydelegare på si rolle og sine ansvarsområde knytt til tryggleik og beredskap, og kva dette inneber for dei einskilde tenesteområda.

Fylkesrådmannen skriv i sin kommentar til kap. 5.2.2, 3. avsnitt at rollene til medlemmene i kriseleiinga er godt nok definert i skildringa av 13.12.12 og at tiltak 9 i kap. 6 kan justerast tilsvarande.

Revisjonen har valt å oppretthalde tiltaket ettersom skildringa av 13.12.12 etter revisjonen si vurdering ikkje i tilstrekkeleg grad skildrar alle rollene og oppgåvene som skal utførast ved ei eventuell krisa. Fylkesordførar sin rolle er ikkje definert sjølv om det i undersøkinga blir nemnt at fylkesordførar vil ha ein viktig rolle med omsyn til informasjon til media ved ei hending. Skildringa av oppgåvene til kriseleiinga er berre stikkordsmessig definert og revisjonen meiner at fylkeskommunen med fordel kan definere desse oppgåvene ytterlegare (gjeld til dømes oppgåvene til loggførar, ansvarsdelinga mellom fylkesrådmann og operativ kriseleiar m.m.).

Til kap. 5.2.2., 5. avsnitt skriv fylkesrådmannen at det er openbart kven som er sentrale samarbeidspartar utanfor fylkeskommunen ved ei krise, slik at det er ingen mangel av betydning at dette ikkje er skildra i kriseplanen.

Revisjonen meiner at fylkeskommunen med fordel kan synleggjere kven som skal kontaktast utanfor fylkeskommunen om det oppstår ei hending, sjølv om det for mange av dei tilsette i fleire tilfelle vil vere openbart. Det kan til dømes presiserast at kommunen skal varslast ved ei hending på skulane og liknande.

Fylkesrådmannen skriv vidare, i merknader til kap. 5.2.4, 3. avsnitt, at kriseorganisasjonen vil leggjast fram for fylkesutvalet i møtet den 2.4.14. I ein e-post sendt til revisjonen kort tid etter motteke høyringssvar blir det presisert at revidert risiko- og sårbarheitsanalyse vil leggjast fram for fylkesutvalet 4.6.14. Fylkesrådmannen meiner at tiltak 6 i kap. 6 kan gå ut ettersom det er lagt ein plan for å leggje fram dette arbeidet for fylkesutvalet.

Revisjonen har valt å oppretthalde tiltaket ettersom ROS analysen p.t. ikkje er gjennomført og dermed heller ikkje er lagt fram for fylkesutvalet. Revisjonen har justert tiltaket ved å ta ut formuleringa om at fylkeskommunen bør vurdere å legge fram analysen for politisk nivå, ettersom fylkesrådmannen har konkludert med at den skal leggjast fram for fylkesutvalet 4.6.14.

# Vedlegg 3: Oversikt over sentrale dokumenter og litteratur

## Lover, forskrifter og nasjonale føringer

- Justis- og beredskapsdepartementet: Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven). LOV-2010-06-25-45.
- Justis- og beredskapsdepartementet: Forskrift om kommunal beredskapsplikt. FOR-2011-08-22.
- Justis- og beredskapsdepartementet: Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn. FOR-2002-06-26-847.
- Kommunal- og regionaldepartementet: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). LOV-1992-09-25-107.
- Justis- og beredskapsdepartementet: Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard. FOR 2008-04-18 nr 388
- Helse- og omsorgsdepartementet Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., FOR-2013-12-13-1471
- Samferdselsdepartementet: Forskrift for sivil transportberedskap. FOR-1979-06-08
- Kommunal- og regionaldepartementet: Ot.prp. nr. 70. Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon)
- Kunnskapsdepartementet (2011): Styringsdokument for arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap i kunnskapssektoren.
- St.meld. nr. 17 (2001-2002). Samfunnssikkerhet. Veien til et mindre sårbart samfunn
- St.meld. nr. 22 (2007-2008). Samfunnssikkerhet. Samvirke og samordning
- Meld. St. 29 (2011–2012). Melding til Stortinget. Samfunnssikkerhet

## Rettleiarar

- Kunnskapsdepartementet (2011) «Styringsdokument for arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap i kunnskapssektoren»
- Utdanningsdirektoratet og Politiet (2013) «Alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar. Rettleiar i beredskapsplanlegging»

- Samferdselsdepartementet (2009) «Strategi for samfunnssikkerhet og beredskap i samferdselssektoren».
- Brev frå Kunnskapsdepartementet 01.10.2008: Beredskap i dei vidaregåande skulane

## Fylkeskommunale dokument

- Kriseorganisasjonen
- Situasjonsbetinget Involverende Risiko- og Sårbarhetsanalyse» utarbeidd av *Incertus* i 2007
- Sak 6 i leiargruppa den 19.11.2007: Risiko og sårbaranalyse for Sogn og fjordane fylkeskommune
- Oversikt over roller datert 13.12.12
- Krise/beredskapsplanar for skulane
- Beredskapsplanen for samferdsleavdelinga 2012, sist oppdatert 10.09.2013.
- Budsjettreglement
- Krise plan for Statens vegvesen (SVV), Vegavdeling Sogn og Fjordane
- Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Justis- og beredskapsdepartementet 11.01.2013: Krav og forventningar i samband med utbygging av naudnett i Sogn og Fjordane.
- Høyringsframlegget til Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 – 23. Analyse- og utfordringsdel.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS